

Årsrapport 2016

Patentstyret



Gjør ideer til verdier

Viktige hendingar i 2016



Stor auke i talet på patentsøknader.



Rekord i talet på varemerkesøknader frå norske søkjarar.



Lansering av elektroniske betalingsløysingar – enklare søknadsprosess for kundane.



Prosjektet «Kunden viser veg» gjennomført – meir tilpassa kundedialog ved bruk av tenestedesign.



Digitaliseringsprosjekt sett i gang med støtte frå Difi – viktig skritt mot betre søknadsprosessar.



Patentlandskapsanalyse – for å auke verdien av offentleg finansiert FoU.



Patentstyret blant dei første med sertifisering etter ny kvalitetsstandard (ISO 9001:2015).



Lansering av nye nettsider – skal auke forståinga av kva rolle IPR har i innovasjonsprosessen.

Innhold


1	Leiaren har ordet	5
2	Introduksjon til verksemda og hovudtal	9
3	Aktivitetar og resultat i 2016	15
3.1	Samla vurdering av resultat, måloppnåing og ressursbruk	15
3.2	Resultat og måloppnåing i 2016	18
3.3	Rapportering ut frå føringar og oppdrag i tildelingsbrevet for 2016	41
3.4	Andre område Patentstyret har ansvar for	45
4	Styring og kontroll	47
4.1	Overordna vurdering av styring og kontroll	47
4.2	Samfunnstryggleik og beredskap	47
4.3	IKT-tryggleik	48
4.4	Mangfald og likestilling	48
4.5	IA-avtalen og sjukefråvær	51
4.6	Ytre miljø	51
5	Vurdering av framtidsutsikter	53
6	Årsrekneskap	57

Immaterielle rettar og IPR

Immaterielle rettar (Intellectual Property Rights, IPR) er ei samlenemning for mellom anna patent-, varemerke- og designretten, planteforedlarretten, retten til føretaksnamn, opphavsretten og retten til kretsmønster for integrerte kretsar. Immaterielle rettar gir innehavaren einerett til utnytting.

Industrielle rettar

Industrielle rettar omfattar berre vern av oppfinningar, varemerke og design.



Gjer idear til verdjar

Gode idear bør dyrkast. Dei skaper forsprang, vekker entusiasme og endrar marknader. Ein god idé kan redde ei bedrift i vanskar, gi personleg utvikling og av og til endre samfunn. Patentstyret vil bidra til at næringsliv, oppfinnarar, designarar og merkevarebyggjarar realiserer potensialet i ideane sine og gjer rette val rundt bruk av immaterielle rettar. Visjonen vår, «Gjer idear til verdjar», forpliktar oss til å behandle søknader effektivt og med god kvalitet, og sørgje for nok kunnskap blant dei som skal ta avgjerder om bruk av tenestene våre. Målet er at ingen idear skal gå tapt på grunn av mangel på kunnskap om bruk av immaterielle rettar.

1 Leiaren har ordet

2016 har vore nok eit godt år med mykje spennande aktivitet for Patentstyret. Vi har svart på bestillinga frå eigaren vår på ein god måte og kan rapportere at måla er nådde. Mange piler peikar rett veg sjølv om vi framleis har mykje ugjort. Vi får inn fleire søknader enn tidlegare, inntektene er høgare enn budsjettet, og vi har god kostnadskontroll. Både brukarar og medarbeidarar uttrykkjer at dei er nøgde med Patentstyret – som IPR-styresmakt og som arbeidsplass.

Fleire gode rettar – effektivitet, kundedialog, kvalitet

Patentstyret har som eitt av to delmål at vi skal bidra til fleire gode rettar. Det er opp til kvar enkelt verksemd å velje å søkje om rettar i Noreg, og Patentstyret legg forholda til rette på ulike måtar. Patentstyret held fram arbeidet med effektivisering. Vi har styrkt kundedialogen og samtidig halde oppe den gode kvaliteten på søknadsbehandlinga. I 2016 tildelte vi meir enn 21 000 nye rettar til norsk og utanlandsk næringsliv – rettar som skaper konkurransefortrinn og verdi. Samtidig ser vi at talet på søknader frå norske søkjarar til Patentstyret held fram med å auke. Saman med målingar som viser at kundane er nøgde, fortel det oss at vi både er kompetente og konkurransedyktige, og at arbeidet for å heve kunnskap om IPR i næringslivet gir resultat over tid. God saksbehandling og

føreseieleg behandlingstid er viktig for brukarane våre. Patentstyret har i fleire år hatt eit stort etterslep av ubehandla patentsøknader. I 2016 innførte vi forenkla behandling av søknader som allereie er godkjende av enkelte andre patentstyresmakter, og etterslepet er no redusert vesentleg. Vi har i løpet av 2016 også redusert tida det tek å få godkjent eit patent, med to månader, og vi har fått behandla ferdig mange av dei aller eldste patentsøknadene.

I 2016 behandla Patentstyret fleire søknader enn i både 2014 og 2015, med færre tilsette. Dette er eit resultat av fleire effektiviseringstiltak. I 2016 lanserte vi e-betalingsløyser for dei fleste av tenestene våre. Løysingane er populære og handterer allereie meir enn 75 % av all betaling for fornyingar og årsavgifter.

Effektive og kundevennlege søknadsprosessar vil bidra til å gje søkjarane fleire gode rettar. I 2016 fullførte vi «Kunden viser veg», eit tenestedesignprosjekt som gav oss verdifull innsikt i korleis brukarane opplever søknadsprosessen og kundedialogen. Som eit oppfølgings-tiltak starta vi eit prosjekt som skal utvikle løysingar for betre digital dialog med søkjarane både før, under og etter behandlinga av søknaden. Prosjektet er støtta av Difi gjennom medfinansieringsordninga for digitalisering i staten.

Behandlinga av søknader i Patentstyret skal både vere effektiv og ha god kvalitet. I 2016 blei Patentstyret, som ei av dei første verksemdene i Noreg, sertifisert på nytt etter ISO 9001:2015-standarden. Våre eigne kvalitetsmålingar og ulike kundeundersøkingar viser at vi i all hovudsak oppfyller dei fastsette kvalitetsmåla for søknadsbehandling. Kvalitetsmålingane viste samtidig at den intensiverte behandlinga av etterslepet på patent gir oss kvalitetsutfordringar, og kundeundersøkinga viser at vi bør styrkje dialogen med søkjarane medan søknadene er under behandling. Dette vil vi følgje opp i 2017.

Betre bruk av immaterielle verdier – kompetanseheving

Det andre delmålet til Patentstyret er å bidra til betre bruk av immaterielle verdier i det norske næringslivet. Stortingsmeldinga om immaterielle rettar og verdier frå 2013 peika på behovet for betre kunnskap om immaterielle verdier og rettar – både i næringslivet og i UoH-sektoren. Eit statusmøte om stortingsmeldinga våren 2016 viste at mykje av meldinga er gjennomført, som tilpassing av reglar og ordningar, vidareutvikling av Patentstyret, ordningar for å motarbeide piratkopiar og forfalsking av varemerke, og utvikling av eit betre kunnskapsgrunnlag om IPR. Møtet viste samtidig at det kontinuerleg er behov for å betre kunnskapen om bruk av immaterielle verdier.

Knowhow, teknologi og marknadsforståing er døme på immaterielle verdiar som er viktige for næringslivet, og som er vanskelege å utnytte godt utan nødvendig kunnskap om patentering, varemerkeregistrering og designregistrering. I 2016 utarbeidde vi ein handlingsplan for kunnskapsoverføring frå Patentstyret til prioriterte målgrupper. Vi arbeider no i større grad med næringsklyngjer, inkubatorar og dei andre aktørane som tilbyr verkemiddel for innovasjon.

Betre bruk av immaterielle verdiar vil også seie at ein tek i bruk kunnskap som allereie er kjend, og Patentstyret bidreg til dette ved å gjere informasjon frå patentdatabasar tilgjengeleg. I 2016 utvikla vi ei ny teneste der vi systematiserer og analyserer større mengder patentinformasjon, i første omgang for offentleg finansierte FoU-prosjekt. Erfaringane så langt er positive, og vi vil utvikle denne tenesta vidare.

Dei ulike kursa til Patentstyret bidreg til kompetanseheving og var sterkt etterspurde i 2016, med rundt 1 400 deltakarar. Vi strøymer no dei aller fleste kursa over nettet og gjer dei dermed tilgjengelege for stadig fleire rundt om i Noreg.

Målet med kompetanseoverføringa frå Patentstyret er å setje næringslivet og andre brukarar betre i stand til å utnytte dei immaterielle verdiane sine. Beviset på om vi lykkast, er om brukarane sjølve opplever at denne kunnskapen har nytteverdi. Både kundeundersøkingar og konkrete tilbakemeldingar viser at kundane er svært nøgde, og meir enn 90 % seier at kursa har høg nytteverdi, og at dei kan bruke kunnskapen dei har fått på arrangementa våre.

For å motarbeide piratkopiering og forfalsking av varemerke blei det i 2015 etablert eit styresmaktsnettverk mot inngrep i immaterielle rettar og ein nettstad – velgekte.no. Patentstyret har sekretariatsfunksjonen i nettverket og driv velgekte.no. I 2016 gjennomførte Patentstyret saman med andre styresmakter ei rekkje tiltak for å gjere desse problema kjende – særleg retta mot reiselivet. I 2016 blei Forbrukarombodet ein del av nettverket, og det omfattar no ti ulike styresmakter. Nettsidene til Patentstyret og dei elektroniske søkjetenestene er dei klart største informasjonskanalane våre, med meir enn 300 000 besøk i 2016. I 2016 lanserte vi nye nettsider med responsivt design og med ei oppbygging som er meir tilpassa mindre erfarne brukarar.

Ressursbruk

Ressursbruken i Patentstyret i 2016 stod totalt sett i samsvar med budsjettet. Medarbeidarane våre leverte effektiv søknadsbehandling med god kvalitet, og dette blir stadfesta i målingar av kvalitet og kor nøgde kundane er. Parallelt gjennomførte vi fleire større utviklingsprosjekt.

Patentstyret har som mål å bruke mest mogleg av dei tilgjengelege ressursane på kundar. Frå og med 2016 har vi innført tidsregistrering for alle aktivitetar i Patentstyret. Systemet gir oversikt over tidsbruk på dei ulike oppgåvene vi utfører. I 2016 blei meir enn 90 % av ressursane nytta til styresmaktsrolla der søknadsbehandling utgjer hovuddelen. Vi vil framover bruke tala frå 2016 for å rekne ut effekten av effektiviseringstiltak vi gjennomfører – til dømes nye digitaliseringsløysingar.

I 2016 vurderte NFD og Patentstyret korleis dei ulike tenestene til Patentstyret bør finansierast (brukarfinansiering eller tilskotsfinansiering). Gjennomgangen viste eit godt samsvar mellom gebyr- og avgiftsnivå og kostnadsnivå for dei ulike tenestene. Totalt sett meiner eg derfor at Patentstyret har utnytta dei økonomiske og menneskelege ressursane på ein god, effektiv og fornuftig måte i 2016.

Forventningar for 2017

2017 blir eit viktig år for Patentstyret, der vi skal følgje opp initiativa vi starta i 2016, som vidare digitalisering, patentlandskapsanalyse og handlingsplanen for betre bruk av immaterielle verdiar. Samtidig må vi halde fram arbeidet med å gjere søknadsbehandlinga meir effektiv og brukarvennleg. Andre IPR-styresmakter, mellom andre EPO og EUIPO, ser no effektane av dei ulike strategiske initiativa sine – i form av auka produksjon, redusert etterslep av patent og raskare behandling av søknader. Dette aukar konkurransen og forventningane til Patentstyret, men gir også høve til å lære.

I 2017 skal Patentstyret også lage ein strategi for perioden frå og med 2018. Denne strategien bør mellom anna gå nærare inn på kva rolle Patentstyret skal ha i innovasjonskjeda, kva ambisjonsnivå Patentstyret skal ha for kunnskapsoverføring til næringslivet og UoH-sektoren, og vise korleis vi skal gå fram vidare i arbeidet med digitalisering av tenestene våre.

Oslo, 1. mars 2017



Per A. Foss, direktør

World Intellectual Property Organization (WIPO)

WIPO er ein av spesialorganisasjonane til FN og har som hovudoppgåve å fremje utviklinga av immaterielle rettar globalt. WIPO har 189 medlemsland og har hovudsete i Genève.

Nordisk Patentinstitut (NPI)

Patentstyret er ein del av Nordisk Patentinstitut saman med patentstyresmaktene på Island og i Danmark. NPI utfører mellom anna arbeid med internasjonale PCT-saker for søkjarar i Noreg, Sverige, Danmark og Island, i tillegg til oppdrag frå utanlandske aktørar.




I ei verd der teknologien stadig sprengjer nye grenser, der design spelar ei stadig større rolle for vala våre, og der merkevarene heile tida kjempar om merksemda vår, blir kampen om gode idear og kompetanse viktigare og viktigare for dei som vil lykkast. Marknadsverdien til verksemder reflekterer teknologien og designet dei har utvikla, i kor stor grad dei har realisert kunnskapane til medarbeidarane sine, og i kor stor grad dei har pleidd kundane og varemerka sine. Med andre ord blir det avgjerande korleis dei forvaltar dei immaterielle rettane og verdiane sine. Immaterielle rettar som patent, varemerke og design er viktige reiskapar i å utvikle og realisere dei immaterielle verdiane til ei verksemd. Patentstyret bidreg til dette ved at vi er det nasjonale kompetansesenteret for immaterielle rettar i Noreg.

2 Introduksjon til verksemda og hovudtal

Som eit forvaltningsorgan under Nærings- og fiskeridepartementet (NFD) er hovudoppgåva til Patentstyret å behandle søknader og gi rettar til patent, varemerke og design i Noreg – både for norsk og utanlandsk næringsliv. Denne styresmaktsoppgåva – som også omfattar informasjon om slike industrielle rettar og korleis ein kan bruke dei strategisk til å styrkje konkurranseevna – utgjer hovudaktiviteten til Patentstyret. Vi arrangerer kurs og held føredrag om immaterielle verdiar og rettar, og korleis ein kan utnytte dei for å skape verdi. I tillegg utfører vi enkelte kommersielle oppdrag, til dømes ulike typar forundersøkingar for å skaffe oversikt over teknologiområde og gi førehandsvurderingar av nye oppfinningar, varemerke og design.

Patentstyret er det viktigaste kompetansesenteret i Noreg for immaterielle rettar og bidreg til at norsk og internasjonalt næringsliv, oppfinnarar, designarar og merkevarebyggjarar realiserer potensialet i ideane sine ved at dei tek dei rette vala når det gjeld bruk av industrielle rettar.

Verksemda til Patentstyret kan skildrast gjennom tre ulike roller:



Føremål

Patentstyret skal fremje innovasjon og verdiskaping i næringsliv og samfunn – både i rolla som nasjonal styresmakt for immaterialrett og som rettleiar og kunnskapsleverandør.

Hovudmål

Større bedrifts- og samfunnsøkonomisk lønnsemd frå immaterielle verdiar.

Delmål 1

Fleire gode rettar.

Delmål 2

Betre bruk av immaterielle verdiar.

Figur 1: Oversikt over kva aktivitetar som høyrer under dei ulike rollene.

Aktivitetar med inntekter	Aktivitetar utan inntekter
Styresmaktsrolla:	
<ul style="list-style-type: none"> - patent, varemerke og design, og fornying av slike rettar - registrering av ansvarsmerke - behandling av klager på føretaksnamn - gransking av internasjonale patentsøknader (PCT) for NPI, som ei av dei internasjonale granskingsmyndigheitene i WIPO - administrativ overprøving på varemerkeområdet 	<ul style="list-style-type: none"> - regelverksarbeid innanfor industrielle rettar - representasjon av Noreg i internasjonale forum som utviklar system for immaterialrettsvern - støtte til departement som JD og UD - sekretariat for meklingsnemnda for arbeidstakaroppfinningar (fell bort frå 2017) - administrative oppgåver i samband med klagesaker til Klagenemnda for industrielle rettar (KFIR) - informasjon og generell rettleiing om IPR, til dømes infosenter og kundebesøk - utvikling av kunderetta elektroniske tenester
Pådrivarrolla:	
<ul style="list-style-type: none"> - kurs om IPR (avgrensa inntekter, dekkjer primært direkte kostnader) 	<ul style="list-style-type: none"> - informasjonsmøte om IPR - føredrag om IPR - deltaking på innovasjonsarenaer, messer og konferansar - aktivitetar retta mot og i samarbeid med verkemiddelapparatet - opplæring i IPR gjennom Intellectual Property Institute of Norway (IPIN) mot UoH-sektoren
Oppdragsrolla:	
<ul style="list-style-type: none"> - informasjonstenester <ul style="list-style-type: none"> - nasjonale forundersøkingar - forundersøkingar gjennom NPI (NPI-oppdrag) 	


Saksbehandlinga i Patentstyret følgjer forvaltningslova, vanlege forvaltningsrettslege prinsipp og lov om Patentstyret og Klagenemnda for industrielle rettar (patentstyrelova). Søknader om industrielle rettar blir behandla etter patentlova, varemerkelova og designlova. Noreg har slutta seg til ei rekkje internasjonale konvensjonar på området som også påverkar rammene for Patentstyret.

Som ein verkemiddelaktør i innovasjonsprosessar samarbeider Patentstyret med Innovasjon Noreg, Noregs forskingsråd, Design og arkitektur Noreg (DOGA) og SIVA. Patentstyret er partner i Nordisk Patentinstitutt (NPI), som er ei av granskingsmyndigheitene for internasjonale patentsøknader i WIPO. Oppgåvene vi utfører for NPI, bidreg til å halde ved like og vidareutvikle nødvendig kompetanse og tenestekvalitet på patentområdet, til beste for det norske næringslivet.

Figur 2: Viktige samanhengar i verdikjeda til Patentstyret



Figur 3: Organiseringa av Patentstyret



Patentstyret er lokalisert som ei sentral eining på Sandaker i Oslo. Per A. Foss er direktør og utgjer saman med seks avdelingsdirektørar leiargruppa i Patentstyret. Vi har 249 tilsette som er fordelte på 241 årsverk innanfor fagområde som juss, teknologi, økonomi/administrasjon, informasjon og marknadsføring.



Nøkkeltal

Tabell 1: Utvalde nøkkeltal frå årsrekneskapen 2014–2016

	2014	2015	2016
Tal årsverk	255	246	241
Samla tildeling, kap. 935, post 01	247 700	240 387	248 603
Utnyttingsgrad, kap. 935, post 01	100 %	100 %	99 %
Driftsutgifter	251 597	244 610	246 837
Prosentdel lønn (inkl. pensjonsutgifter) av driftsutgifter	75,8 %	77,8 %	77,5 %
Lønnsutgifter (inkl. pensjonsutgifter) per årsverk	771 500	797 965	793 769

I tillegg har Patentstyret fått desse midlane i 2016:

- 0,3 millionar kroner i lønnsmidlar frå NFD til drift av nettstaden velgekte.no, som vart gitt i løyvingsfullmakt av 31. mars 2016. Både det mottekne beløpet og det utgiftsførte beløpet er bokført mot vårt utgiftskapittel 0935, post 01.
- 2,7 millionar kroner i tilskot frå Utanriksdepartementet til bistandsarbeid. Både det mottekne beløpet og det utgiftsførte beløpet er bokført mot vårt utgiftskapittel 0935, post 01.
- 1,042 millionar kroner i tilskot gjennom medfinansieringsordninga for digitalisering i offentleg sektor i Difi, til utvikling av digitale tenester for design, varemerke og patent. Tilskotet er ført på vårt inntektskapittel 3935, post 04 Diverse inntekter. Det er knytt ei meirinntektsfullmakt til inntektsposten.

Volumtal

Tabellen nedanfor viser kor mange søknader om industrielle rettar som blir sende inn til Patentstyret kvart år. I 2016 såg vi spesielt ein stor auke i talet på patentsøknader. Tabellen viser også utviklinga i talet på europeiske patent som blir gjort gjeldande i Noreg. Noreg blei med i den europeiske patentorganisasjonen EPO i 2008.

Tabell 2: Utvalde volumtal i perioden 2012–2016

	2012	2013	2014	2015	2016
Varemerkesøknader	14 345	15 676	15 450	16 630	15 702
Designsøknader	1 146	1 293	1 219	1 214	1 229
Patentsøknader	1 551	1 744	1 564	1 805	2 062
Validerte europeiske patent i Noreg	1 452	2 220	2 604	3 340	4 495



Industrielle rettar er eit samlande omgrep for rettar til varemerke, patent og design. Slike rettar hjelper næringslivet til å utnytte dei immaterielle verdiane sine ved at dei styrkjer konkurransekrafta si. Det er derfor ikkje overraskande at næringsliv som har mykje eksport, brukar industrielle rettar aktivt for å auke konkurransevna si. Det er Patentstyret som forvaltar industrielle rettar i Noreg, og i 2016 tildelte vi meir enn 21 000 nye rettar, og om lag 3 300 av dei gjekk til det norske næringslivet. Gjennom dette bidrog vi til å oppfylle hovudmålet vårt, nemleg større bedrifts- og samfunnsøkonomisk lønnsemd frå immaterielle verdjar.

3 Aktivitetar og resultat i 2016

3.1 Samla vurdering av resultat, måloppnåing og ressursbruk

Hovudoppgåva til Patentstyret er å behandle søknader om patent, varemerke og design, og tildele slike rettar. I 2016 fekk vi inn nesten 19 000 søknader. Det var ein auke på dei fleste områda og ein særleg gledeleg auke frå norske søkjarar. Totalt sett kom det likevel inn 3,3 % færre søknader enn i 2015. Dette skriv seg primært frå ei forseinking i talet på internasjonale varemerkesøknader til Patentstyret frå WIPO. Produksjonen har vore høg i 2016, og vi tildelte over 21 000 rettar – ein auke på 11 % frå 2015. Kundeundersøkingane vi har gjennomført, viser samtidig at søkjarane er godt nøgde med tenestene våre.

Patentstyret har som i tidlegare år og i tråd med føringar frå NFD brukt hovuddelen av ressursane på lovpålagde oppgåver gjennom styresmaktsrolla. Over 90 % av ressursane våre blei brukte på slike oppgåver.

I tildelingsbrevet for 2016 blir Patentstyret bede om å arbeide for å betre søknadsprosessane, slik at dei blir meir effektive og tilpassa behova til kundane. Som ein del av dette skal det utviklast nye digitale løysingar som gir meir effektiv og kundevennleg kommunikasjon.

Patentstyret har følgd opp dette gjennom mellom anna eit tenestedesignprosjekt der vi fekk mange nyttige innspel til korleis vi kan betre søknadsprosessane. Basert på innsikta vi fekk i dette prosjektet, vil vi realisere nye og framtidsretta digitale løysingar for søknadsbehandling av patent, varemerke og design. Med desse løysingane skal vi ta vare på behova til kunden gjennom heile søknadsprosessen. Parallelt med dette digitale utviklingsprosjektet ser vi no på korleis vi kan forenkla søknadsbehandlinga

gjennom å gjere om på patent-, varemerke- og designprosessane. Dette arbeidet vil bli fullført i 2017. I tillegg har vi i 2016 følgd opp føringa om nye digitale løysingar ved å utvikle og betre søkjetenesta vår og ta i bruk nye elektroniske betalingsløysingar for kundane. Patentstyret var ein viktig bidragsytar i eit samarbeidsprosjekt mellom tenesteeigarar i Altinn for å utvikle ei betalingsløysing i Altinn. Løysinga blei lansert i september, og ved utgangen av 2016 blei 10 % av søknadene som kom inn via Altinn, betalte elektronisk. Vi lanserte samtidig ei elektronisk betalingsløysing for fornying av patent-, varemerke- og designrettar. Denne løysinga gjer det enklare å fornye rettar og har resultert i færre feilinnbetalingar, som igjen gir innsparingar både for kundane og Patentstyret. Nærare 80 % av fornyingane på patent-, varemerke- og designområdet blir no betalte på denne måten.

I tildelingsbrevet blir Patentstyret bede om å satse vidare på tiltak for betre bruk av immaterielle verdiar i næringslivet. Tiltaka som er gjennomførte i 2016, er primært retta mot undervisningsinstitusjonar, verkemiddelaktørar, inkubatorar/næringshagar, klyngjer og næringslivsorganisasjonar. Desse pådrivaraktivitetane utgjorde berre 3,5 % av samla ressursbruk i 2016 og er skildra i ein eigen handlingsplan som blei levert til departementet i første halvår. Du finn ein nærare omtale av dette seinare i del 3.

Ei anna viktig oppgåve er å få til eit godt samarbeid med dei andre verkemiddelaktørane over tid, slik at vi får tydelege og samkørde verksemder, og slik at verkemidla utfyller kvarandre på ein god måte. I løpet av fjoråret gjennomførte vi fleire samarbeidsaktivitetar med Brønnøysundregistra, Noregs forskingsråd, Design og arkitektur Noreg (DOGA), Siva og Innovasjon Noreg, og dette ønskjer vi å gjere meir av framover.

Patentstyret meiner ressursbruken har vore effektiv i 2016, både med tanke på korleis vi har prioritert, og korleis ressursane er brukte. Talet på årsverk er redusert med fem i løpet av året gjennom naturleg avgang. Samla sett er Patentstyret nøgde med resultat, måloppnåing og ressursbruk i 2016.

Inntektene til Patentstyret

Inntektsløyvinga blei auka med 13 millionar kroner i nysalderinga av statsbudsjettet i desember 2016. Inntektene på 246,2 millionar kroner blei 3,4 % høgare enn den salderte inntektsløyvinga på 238 millionar kroner. Dei høge inntektene skriv seg hovudsakleg frå det høge talet på patentsøknader og fleire europeiske patentsøknader som er gjort gjeldande i Noreg enn forventa.

Om lag 97 % av inntektene til Patentstyret er knytte til styresmaktsrolla gjennom arbeidet på patent-, varemerke- og designområdet, og behandling av klager på føretaksnamn. Patentområdet står for størstedelen av dei totale inntektene. Det er også viktig å vere klar over at ein stor del av inntektene til Patentstyret kjem frå utanlandske bedrifter som ønskjer rettar i Noreg.

Som ein del av styresmaktsrolla utfører Patentstyret ei rekkje oppgåver det ikkje er knytt inntekter til, som informasjon om ansvarsområda patent, varemerke og design, utvikling av kunderetta elektroniske tenester, regelverksarbeid innanfor industrielle rettar, deltaking i internasjonale forum for utvikling av immaterialrettssystemet, støtte til fleire departement og sekretariatsarbeid for Meklingsnemnda for arbeidstakaroppfinningar.

Det er heller ikkje knytt inntekter til aktivitetar vi har definert inn under pådrivarrolla, bortsett frå nokre kursinntekter som primært dekkjer direkte kostnader.

Inntekter gjennom oppdragsrolla står for ein mindre del av inntektene til Patentstyret og kjem hovudsakleg frå forundersøkingar for norsk og utanlandsk næringsliv.

Tabell 3: Bruk av disponible midlar

	2016
Hovudtildeling 2016	233 134
Overføring av ubrukt løyving frå 2015 til 2016	8 985
Lønnskompensasjon	3 700
Tilleggsloøyving, jf. Prop. 25 S (2016–2017) og Innst. 136 S (2016–2017)	2 784
Sum kap. 935, post 01	248 603
Tilskot frå Difi (medfinansieringsordning for digitalisering)	1 042
Tilskot frå Utanriksdepartementet til bistandskurs	2 700
Utbetaling av lønnsmidlar til drift av velgekte.no, jf. belastingsfullmakt	300
Sum til disposisjon	252 645
Lønn med fråtrekk for refusjonar	191 298
Kostnader til drift (inkl. tilskot frå Utanriksdepartementet og belastingsfullmakt frå NFD)	58 539
Investeringskostnader (inventar, maskiner o.l.)	1 072
Sum kostnader	250 909

Alle tal i 1 000 kr


Driftsutgiftene til Patentstyret

I 2016 hadde Patentstyret 252,645 millionar kroner til disposisjon, slik det går fram av tabell 3.

Differansen mellom sum til disposisjon og sum kostnader, kr 1 736 136, er søkt overført til 2017 i brev til NFD av 13. februar 2017.

Inntekter og utgifter som er knytte til ordinær drift, er i balanse.

Figur 4: Inntektene til Patentstyret




Frå 2016 har alle medarbeidarane i Patentstyret registrert tidsbruk på ulike aktivitetar, og dette gir oss betre styringsinformasjon. Over 90 % av ressursane til Patentstyret er knytte til styresmaktsrolla, der saksbehandling på patent-, varemerke- og designområdet utgjør hovuddelen. Andre oppgåver som følgjer av det å vere ei IPR-styresmakt, omfattar mellom anna regelverksarbeid, representasjon av Noreg i internasjonale forum innanfor immaterialrett, oppgåver Patentstyret har gjort for KFIR, støtte til ulike departement, infoser, nettsider og utvikling av kunderetta elektroniske tenester, og behandling av klager på føretaksnamn utgjorde til saman 92,7 % av ressursbruken i 2016.

Patentstyret brukte i 2016 3,5 % av ressursane på aktivitetar som gjeld pådrivarrolla, og 3,8 % til oppdragsrolla.

Lønn og sosiale utgifter utgjorde 77,5 % av driftsutgiftene, og utgifter i samband med kjøp av varer og tenester utgjorde 21,9 %.

Figur 5: Kostnadene til Patentstyret



3.2 Resultat og måloppnåing i 2016

I dette avsnittet rapporterer vi ut frå styringsparametrar og rapporteringskrav i vedlegg 1 i tildelingsbrevet.

Tabell 4: Mål- og resultatstyringssystemet i Patentstyret (MRS)

Styringsdimensjon	Styringsindikator	Støttande analyse
Delmål 1: Fleire gode rettar		
Effektivitet i søknadsbehandlinga	Behandlingstider for varemerke, design og patent	Tal søknader innanfor patent, varemerke og design
	Tal ferdigbehandla søknader per årsverk brukt på saksbehandling	Tal førstesøknader
	Samanlikning av desse indikatorane med samanliknbare patentverk	
Kvalitet i søknadsbehandlinga	Kvalitetskontrollar av prosentdel avgjerder for å kontrollere om dei er i tråd med regelverk og praksis.	Avgjerder frå Patentstyret samanlikna med klagebehandlinga i KFIR
		Harmonisering av praksis for varemerke og design med EUIPO og praksis for patent med EPO
Kundevurdering av søknadsbehandlinga	Undersøking om kor nøgde kundane er med saksbehandlinga og tenestene frå Patentstyret	Tal og prosentdel av totaltalet på patentsøknader frå norske søkjarar på verdsbasis som blir leverte som førstesøknader til Patentstyret
Delmål 2: Betre bruk av immaterielle verdiar		
Kompetanseoverføring	Omfang av kurstilbod retta mot ulike målgrupper	Samarbeid med verkemiddelapparatet
	Overordna skildring og grunngiving for anna type kompetanseoverføring	
Opplevd kompetanseoverføring	Undersøking av effekt av kompetanseoverføring og kor nøgde kundane er med informasjonsaktivitetane til Patentstyret	
IPR-modenskap	Tal forundersøkingar frå norske søkjarar	Kundebruk av register og databasar
	Samla tal patent-, varemerke- og designsknader til utlandet frå norske søkjarar	

3.2.1 Delmål 1: Fleire gode rettar

Det er eit mål for Patentstyret at vi tildeler fleire gode rettar. Med dette meiner vi rettar som har rett kvalitet, som kan handhevast, og som lèt seg utnytte på ein god måte. Dette oppnår vi gjennom at søknadsbehandlinga og rettleiinga vår oppfyller krava til effektivitet, kvalitet og nøgde kundar.

Effektivitet i søknadsbehandlinga

Talet på søknader er ein støttande analyse i MRS-systemet. Vidare gir vi ei oversikt over korleis talet på leverte og avgjorde søknader – og dermed talet på søknader som er under behandling – har utvikla seg over tid.

Effektivitet og kvalitet i søknadsbehandlinga er viktig for å få fleire gode rettar.



Tal søknader om varemerkeregistrering

Ei varemerkeregistrering i Noreg kan skje på to måtar:

- Gjennom søknad om registrering direkte til Patentstyret. Fleirtalet av norske søkjarar leverer varemerkesøknadene på denne måten.
- Privatpersonar eller føretak som er knytte til ein av medlemsstatane i Madridprotokollen, kan, med utgangspunkt i ein nasjonal varemerkesøknad eller ei nasjonal varemerkeregistrering, søkje om registrering i dei andre medlemslanda. Over halvparten av varemerkesøknadene til Patentstyret er slike utpeikingar via Madridprotokollen.

Dei samla varemerkerettane i Noreg utgjer ein kombinasjon av desse. Ei varemerkeregistrering gjeld for 10 år og kan fornyast for 10 år om gongen.

Tabell 5: Utvikling på varemerkeområdet

	2012	2013	2014	2015	2016
Varemerkesøknader totalt	14 345	15 676	15 450	16 630	15 702
– Direkte til Patentstyret frå norske søkjarar	3 427	3 532	3 959	4 097	4 265
– Direkte til Patentstyret frå utanlandske søkjarar	2 890	2 969	3 008	3 007	3 302
– Internasjonale utpeikingar i Noreg via Madrid-protokollen frå norske søkjarar	4	6	11	5	2
– Internasjonale utpeikingar i Noreg via Madrid-protokollen frå utanlandske søkjarar	8 024	9 169	8 472	9 521	8 133
Avgjorde varemerkesøknader	14 892	15 599	16 704	15 656	15 776
– Registrerte varemerke	12 804	13 207	14 516	13 541	13 294
– Avslåtte	77	181	174	139	143
– Endeleg lagde vekk / trekte	2 011	2 211	2 014	1 976	2 339
Tal fornøya varemerke	8 488	9 267	8 717	10 320	11 944
Tal registrerte varemerke i kraft		200 336	207 918	214 449	217 437

Madridprotokollen

Madridprotokollen er ein internasjonal avtale som er administrert av WIPO, og som gjer det enklare og billegare å søkje internasjonal varemerkeregistrering i fleire land.


Også i 2016 såg vi ein positiv auke i talet på varemerkesøknader direkte til Patentstyret frå både norske og utanlandske søkjarar. At det totale talet på varemerkesøknader blei lågare i 2016 enn i 2015, kjem av færre utpeikingar via Madridprotokollen på grunn av etterslep i WIPO i samband med overgang til nytt datasystem. Vi ventar at desse utpeikingane kjem i 2017.

Over 88 % av varemerkesøknadene blir normalt godkjende, og det blei registrert 13 294 varemerke i 2016.

Det blei avgjort omtrent like mange varemerkesøknader som det kom inn nye søknader i 2016. Dette førte til at talet på varemerkesøknader som var under behandling ved utgangen av året, var på same nivå som i 2015.

Figur 6: Varemerke – søknader, avgjorde og under behandling

Utvikling på varemerkeområdet



Tal søknader om designregistrering

Ei designregistrering i Noreg kan skje på to måtar:

- Gjennom søknad om registrering av design direkte til Patentstyret. Fleirtalet av norske søkjarar leverer designsøknadene på denne måten.
- Privatpersonar og føretak som er knytte til ein av medlemsstatane i Haag-systemet, kan søkje om designregistrering i dei andre medlemslanda. Over halvparten av designsøknadene til Patentstyret er slike utpeikingar via Haag-systemet.

Dei samla designrettane i Noreg utgjer ein kombinasjon av desse. Ei designregistrering gjeld for fem år og kan deretter fornyast for opptil fire nye femårsperiodar. Ein designsøknad og ei designregistrering kan innehalde fleire design.

Tabell 6: Utvikling på designområdet

	2012	2013	2014	2015	2016
Designsøknader totalt	1 146	1 293	1 219	1 214	1 229
– Direkte til Patentstyret frå norske søkjarar	304	276	302	250	240
– Direkte til Patentstyret frå utanlandske søkjarar	233	187	217	183	157
– Internasjonale utpeikingar i Noreg via Haag-overeinskomsten frå norske søkjarar	11	31	33	33	26
– Internasjonale utpeikingar i Noreg via Haag-overeinskomsten frå utanlandske søkjarar	598	799	667	748	806
Avgjorde designsøknader	1 205	1 273	1 287	1 148	1 344
– Registrerte designsøknader	1 154	1 199	1 220	1 089	1 278
– Avslåtte	0	0	0	0	0
– Endeleg lagde vekk / trekte	51	74	67	59	66
Tal design	3 200	4 300	3 900	3 765	3 923
Tal fornya designregistreringar	660	610	628	818	964
Tal registrerte design i kraft		7 729	8 402	8 978	9 543

Haag-systemet

Haag-overeinskomsten er ei internasjonal ordning som er administrert av WIPO, og som gjer at ein med éin søknad kan få vern for designet sitt i dei landa som er medlem av ordninga.


Det var framleis ein nedgang i talet på designsøknader til Patentstyret i 2016, både i talet på søknader direkte til Patentstyret og søknader via Haag-overeinskomsten. Ein designsøknad kan innehalde fleire design, slik at det også er relevant å telje talet på design. Dette talet auka samanlikna med 2015.

Til skilnad frå patent- og varemerkesøknader granskar ikkje Patentstyret designsøknadene med mindre søkjaren eksplisitt ber om det. Dei fleste designsøknadene blir dermed godkjende raskt etter at dei er leverte inn. Søkjaren har sjølv ansvar for å ikkje krenkje rettane til andre. Den som søkjer, kan be om at Patentstyret gjer ei slik vurdering, men dette skjer i mindre enn 5 % av søknadene.

Det er dermed svært få saker under behandling på designområdet. I 2016 blei det avgjort 115 fleire søknader enn det kom inn i løpet av året. Dette inkluderer også søknader som var leverte inn tidlegare år.

Figur 7: Design – søknader, avgjorde og under behandling

Utvikling på designområdet



Tal patentsøknader

Patentvern i Noreg kan ein få på to måtar:

- Gjennom patentsøknad til Patentstyret, anten direkte eller via den internasjonale PCT-søknadsordninga. Fleirtalet av norske søkjarar leverer patentsøknadene sine direkte til Patentstyret, medan utanlandske søkjarar oftast brukar PCT.
- Gjennom patentsøknad til Det europeiske patentverket (EPO). Det europeiske patentet kan seinare bli gjort gjeldande i Noreg (validert). Det er hovudsakleg utanlandske søkjarar som nyttar denne ordninga.

Dei samla patentrettane i Noreg utgjer ein kombinasjon av desse.

Eit patent blir halde ved lag så lenge det blir betalt årleg avgift, men maksimalt 20 år frå søknaden blei levert inn. Gjennomsnittleg levetid for norske patent er no i underkant av 15 år.

Tabell 7: Utvikling på patentområdet

	2012	2013	2014	2015	2016
Patentsøknader totalt	1 551	1 744	1 564	1 805	2 062
– Direkte til Patentstyret frå norske søkjarar	964	1 060	1 052	1 120	1 195
– Direkte til Patentstyret frå utanlandske søkjarar	153	146	95	129	121
– Internasjonale søknader som er førte vidare i Noreg (via PCT) frå norske søkjarar	31	36	55	31	38
– Internasjonale søknader som er førte vidare i Noreg (via PCT) frå utanlandske søkjarar	403	502	362	525	708
Prosentdel patentsøknader frå norske søkjarar	64 %	63 %	71 %	64 %	60 %
Avgjorde patentsøknader	4 125	3 974	3 610	3 651	4 585
– Godkjende	1 310	1 421	1 433	1 449	2 526
– Avslåtte	12	14	21	19	16
– Lagde vekk / trekte	2 803	2 539	2 156	2 183	2 043
Validerte europeiske patent i Noreg	1 452	2 220	2 604	3 340	4 495
Tal patent i kraft (norske patent og europeiske patent som er validerte i Noreg)		19 418	21 218	23 350	27 657

Det europeiske patentverket / European Patent Office (EPO)

Det europeiske patentverket tek imot, behandlar og avgjer europeiske patentsøknader på grunnlag av reglane i den europeiske patentkonvensjonen (EPC), som Noreg er medlem av.

Patent Cooperation Treaty (PCT)


PCT er ei internasjonal patentsøknadsordning som er administrert av WIPO. Ordninga forenkler innlevering og gransking dersom du skal søkje patent i fleire land.

Det totale talet på patentsøknader har variert noko dei siste åra. I 2015 opplevde vi ein stor auke i talet på patentsøknader, og i 2016 blei det levert inn 14 % fleire patentsøknader enn i 2015. Den største auken kjem frå utanlandske søkjarar (26,6 %), men det var også ein auke i talet på søknader frå norske søkjarar (7 %).

Det har som forventa vore ein auke i talet på europeiske patent som blir gjorde gjeldande (validerte) i Noreg etter at vi slutta oss til EPC i 2008. Veksten har vore større enn forventa og kjem hovudsakleg av at talet på godkjende patent i Den europeiske patentorganisasjonen (EPO) stadig aukar. Valideringa av eit europeisk patent i Noreg skjer normalt tre månader etter godkjenning i EPO. Vi forventar ein vidare auke i talet på validerte europeiske patent i Noreg.

Figur 8: Patent – søknader, avgjorde og under behandling

Utvikling på patentområdet



Om lag 55 % av patentsøknadene som blei avgjorde i 2016, førte til patent. Denne prosentdelen har auka dei siste åra. Eit lite tal søknader blir avslåtte, hovudsakleg fordi oppfinninga det blir søkt patent på, ikkje er ny.

Dei fleste patentsøknadene som ikkje fører fram til patent, blir lagde vekk på grunn av at søkjaren ikkje svarar eller betalar, eller fordi søkjaren trekkjer søknaden. Når saker blir lagde vekk, kjem det ofte av at Patentstyret har formidla at oppfinninga ikkje kan patentrast.

Det låge talet på avslag er derfor ikkje ein indikasjon på prosentdelen saker der vurderinga frå Patentstyret er «negativ».

Patentstyret avgjorde fleire patentsøknader i 2016 enn i 2015, og talet på saker under behandling blei redusert med 21 %. I 2015 innførte vi forenkla behandling av patentsøknader i tilfelle der ein tilsvarande søknad allereie er godkjend i EPO, dei nordiske landa og Tyskland.

Frå 2015 blei det mogleg å levere patentsøknader til Patentstyret på engelsk. I 2016 auka prosentdelen av søknader på engelsk frå 58 % til 72 %, og ordninga bidreg no til vesentleg forenkling og sparing av kostnader for mange kundar.

Tal førstesøknader om patent

Av dei 1 316 patentsøknadene som blei leverte direkte til Patentstyret i 2016, var 1 156 førstesøknader, det vil seie søknader der oppfinninga er omtalt for første gong (utan prioritet frå andre søknader). Av desse var 1 128 frå norske søkjarar og 28 frå utanlandske søkjarar.

Behandlingstider for varemerke, design og patent

Varemerke: Det er eit mål at den som søker Patentstyret om registrering av varemerke, skal få avgjort søknaden i løpet av 3–6 månader. Dersom det ikkje er hindringar, blir varemerket registrert før denne fristen er ute. Noreg er mellom dei landa i Europa som har kortast behandlingstid. Søkjarar som har behov for raskare avgjerder, kan be om ei framskunda behandling. Vi måler gjennomsnittleg saksbehandlingstid som tida frå varemerkesøknaden blir levert, til søkjaren får eit svar frå Patentstyret. I 62 % av sakene er resultatet at varemerket blir registrert utan vidare korrespondanse med søkjaren.

Ved utløpet av 2016 var saksbehandlingstida om lag 4,5 månader for varemerkesøknader som blei leverte direkte til Patentstyret, og om lag 3,5 månader for internasjonale utpeikingar i Noreg via Madridprotokollen.

Design: Det er eit mål at den som søker Patentstyret om registrering av design, skal få avgjort søknaden i løpet av 2–3 månader. I 2016 var gjennomsnittleg saksbehandlingstid 2 månader.

Patent: Saksbehandlingstida på patentområdet er av fleire årsaker lengre enn for varemerke og design. For søkjarar som leverer ein førstesøknad om patent på ei oppfinning, er det viktig å få ein rask indikasjon på om oppfinninga kan patentast. Dette er fordi dei må halde fristar for å levere tilsvarande søknader i andre land med prioritet frå førstesøknaden. Patentstyret har derfor som mål å levere ei første fråsegn seinast i løpet av 7 månader for minst 95 % av alle førstesøknadene. Målet blei nådd i 2016, og på dette området ligg vi best an av dei nordiske landa.

Patentstyret har normalt brukt i underkant av 28 månader på å behandle førstesøknader ferdig – omtrent det same nivået som EPO. I 2016 blei denne tida redusert med om lag to månader.

Internasjonale patentsøknader (PCT) som blir førte vidare i Noreg, og søknader som tidlegare har vore leverte i andre land, er allereie granska, og søkjaren har derfor ikkje behov for ei like rask behandling i Patentstyret. Vi arbeider no med siste del av etterslepet, som er søknader som bygde seg opp i tida før Noreg blei medlem i EPO i 2008.

Tal ferdigbehandla søknader per årsverk brukt på saksbehandling

Dette er andre året vi rapporterer om denne indikatoren, og vi vil følge utviklinga i åra som kjem. Frå 2016 har Patentstyret hatt eit nytt og betre system for timeregistrering som gir oss betre styringsinformasjon. Samanlikning mellom år vil derfor skjje frå og med 2016.

Varemerke: Vi avgjorde i 2016 gjennomsnittleg 421 søknader per årsverk. Søknadene har då blitt registrerte, nekta registrerte, endeleg lagde vekk eller trekte av søkjaren.

Design: Vi avgjorde i 2016 gjennomsnittleg 600 søknader per årsverk. Søknadene har då blitt registrerte, nekta registrerte, endeleg lagde vekk eller trekte av søkjaren.

Patent: Vi avgjorde i 2016 gjennomsnittleg 79 søknader per årsverk. Søknadene har då blitt kunngjorde som patent, avslåtte, endeleg lagde vekk eller trekte av søkjaren. Sjølv om grunnlaget for målinga er noko annleis enn i 2015, meiner vi dette er ein auke på om lag 10 søknader per årsverk frå 2015, og at dette primært skriv seg frå innføringa av raskare behandling av søknader som allereie er godkjende i andre land vi er harmoniserte med.

Kvalitet i søknadsbehandlinga

Patentstyret har eit system for kvalitetsstyring som bidreg til å sikre rett kvalitet i søknadsbehandlinga. Rett kvalitet vil seie at resultatet vi leverer til kundane våre, er korrekt og levert til avtalt tid, slik at vi er føreseielege overfor kundane. Kvalitetssystemet til Patentstyret blei i mars 2016 resertifisert og gjekk over til den internasjonalt anerkjente standarden ISO 9001:2015. Den nye standarden stiller mellom anna sterkare krav til omgivnadsanalysar og risikostyring, noko Patentstyret har jobba systematisk med i fleire år.

Kvalitetskontroll av avgjerder for å kontrollere om dei er i tråd med regelverk og praksis

Som tidlegare år gjennomførte vi i 2016 kvalitetsmålingar på alle fagområda for å verifisere samsvar mellom krav og praksis. Det gir oss grunnlag for å vurdere om vi oppfyller eksterne og interne krav til korrekt avgjerd, og grunnlag for å identifisere moglege forbetringar. I ei kvalitetsmåling vel vi ut område som er avgjerande for å utføre korrekt saksbehandling, og kontrollerer eit utval saker ved hjelp av stikkprøver for å sjå om vi oppfyller kvalitetskrava på dei ulike fagområda. Resultata frå kvalitetsmålingane viser at vi oppfyller krav til rett kvalitet i nærare 95 % av utvalet for fagområda samla. Det er ein nedgang på eitt prosentpoeng samanlikna med resultatata frå 2015. Dei fleste områda har godkjende resultat, men på området «behandling av patentsøknader ved bruk av forenkla behandling» avdekte vi fleire avvik. Vi vil gjennomføre tiltak for å auke kvaliteten og gjere ein etterkontroll for å sikre at tiltaka har den ønskede effekten.

I 2016 gjennomførte vi også seks interne revisjonar for å betre og effektivisere interne prosessar og kvaliteten på arbeidet. Ein intern revisjon blir gjennomført ved hjelp av interne intervju for å undersøkje om arbeidsprosessar er fornuftig lagde opp, og for å komme fram til betringar både internt og for kundane.

I 2016 har vi halde fram det systematiske arbeidet med å redusere risiko for feil og betre kvaliteten på data i basane våre, mellom anna når det gjeld kundedata og status for søknader.

Sjå også resultatet frå kundeundersøkinga for 2016 på side 29.

Vurdering av avgjerder frå Patentstyret opp mot resultatet av klagebehandlinga i KFIR

Klager på avgjerdene til Patentstyret i patent-, varemerke- og designsknader blir behandla av Klagenemnda for industrielle rettar (KFIR). Talet på klager er på om lag 100–150 per år og har halde seg på dette nivået gjennom mange år. I 2016 kom det inn 127 klager. Hovuddelen av klagenes gjaldt som tidlegare år varemerke. Talet på klager er lågt samanlikna med det årlege talet på avgjerder i Patentstyret, som er på om lag 21 000.

Det er ulike grunnar til at søkjarane klagar på avgjerdene våre, og talet på klager seier derfor ikkje automatisk noko om kvaliteten på avgjerdene i Patentstyret. Det er likevel nyttig å sjå på vurderingane og resultatet av klagebehandlinga i KFIR.

Varemerke: Av dei 96 varemerkeklagenes som kom inn i 2016, er 55 førebels ikkje avgjorde av KFIR. I dei resterande sakene blei avgjerdene til Patentstyret haldne fast i 23 tilfelle, medan avgjerdene heilt eller delvis blei oppheva i 9 av sakene. Dei andre sakene blei anten avviste eller anka inn for domstolen.

Design: Det har ikkje vore klager på designområdet i 2016.

Patent: Dei 20 klagenes på patent som kom inn i 2016, er framleis under behandling. KFIR har i 2016 realitetsbehandla 11 patentavgjerder som blei klaga inn før 2016, og avgjerda til Patentstyret blei omgjord i 3 av sakene.

Oppreisning: Når det gjeld klage på avgjerdene til Patentstyret i saker om fristbrot (varemerke, design og patent), har KFIR gitt medhald i fire saker, éi er avslått, éi er lagd vekk, og éi er framleis under behandling. Patentstyret vurderer kontinuerleg eigen praksis i lys av avgjerdene i KFIR.

Føretaksnamn: Det blei levert 3 klager på føretaksnamn i 2016. Desse er ikkje avgjorde av KFIR.

Patentstyret meiner tala viser at KFIR og Patentstyret har ein harmonisert praksis, og at kvaliteten på avgjerdene frå Patentstyret er god. Partane kan komme med ny dokumentasjon i behandlinga for KFIR, og dette har i fleire saker ført til at innhaldet i klagesaka er eit anna enn saka slik ho stod for Patentstyret. Det har berre vore eit fåtal saker der KFIR har sagt seg ueinige i lovforståinga til Patentstyret. Desse sakene har ført til at Patentstyret har endra praksisen sin. Elles er det viktig å få fram at mange saker er gjenstand for ei utprega skjønnsmessig og konkret vurdering. At det er divergens i nokre få slike saker, er naturleg og ikkje eit teikn på ulik forståing av praksis og dei generelle rettsnormene.

Harmonisering av praksis for varemerke og design med EUIPO og for patent med EPO

For det norske næringslivet er det viktig at regelverk for behandling av søknader om patent, varemerke og design blir praktisert likt i ulike land, slik at behandlinga er føreseieleg for den som søker om registrering i fleire land.

I tillegg til avgjerdene frå KFIR og domstolane følgjer Patentstyret med på europeisk praksis i EPO, EUIPO, EU-retten og EU-domstolen.

På varemerke- og designområdet deltek Patentstyret aktivt i møte i EUIPO og i EUIPO Convergence Programme. Gjennom dette programmet samarbeider landa for å gjere saksbehandlingspraksis i EUIPO og i dei nasjonale europeiske varemerke- og designstyresmaktene meir heilskapleg. Vi kan nemne at Patentstyret kvart halvår arrangerer frukostmøte for IPR-bransjen om denne praksisen, slik at også dei er oppdaterte på europeisk praksis.

På patentområdet blir det gjennomført samanlikning av saksbehandlinga i EPO og NPI (og dermed saksbehandlinga i høvesvis Patentstyret og PVS i Danmark). I 2015 og 2016 blei 49 PCT-søknader behandla både av NPI og EPO. Analysen så langt tyder på at det er få skilnader i kvalitet mellom saksbehandlinga i NPI og EPO. Det er likevel identifisert enkelte område der det er skilnader og tendens til ulik praksis. Resultata vil danne grunnlag for eventuelle tiltak for å styrkje harmoniseringa mellom NPI og EPO vidare. Samanlikninga blir opplevd som nyttig i harmoniseringsarbeidet, og det er planlagt ei ny undersøking basert på 50 PCT-søknader i 2017.

EU-varemerke og EU-design

EU-varemerke og EU-design gjeld i alle land som er medlem av EU, og derfor ikkje i Noreg. Norske personar og bedrifter kan likevel søkje om EU-varemerke/design, både direkte og gjennom Madrid-protokollen.

EUIPO er EU-styresmakta for registrering av varemerke og design.


Kundevurdering av søknadsbehandlinga

Resultat av undersøkingane om kor nøgde kundane er med saksbehandlinga og tenestene frå Patentstyret

Vi har undersøkt kor nøgde kundane som leverte søknad om patent-, varemerke- eller designregistrering i 2016, var. Dette er ei undersøking vi gjennomfører kvart år, og vi måler ulike kvalitetsparametrar. Til saman svarte 474 av 2 138 kundar på undersøkinga, og dette vil seie at svarprosenten er på 22 %. Undersøkinga viser at kundane er godt nøgde på både patent-, varemerke- og designområdet.

Figur 9: Kor nøgde kundane er med saksbehandlinga i Patentstyret


Kundevurdering av Patentstyret



Resultata er på dei fleste parametrane godt over målet vårt på 3,5 og har vore svært stabile frå år til år. Likevel har vi nokre variasjonar: Når vi bryt ned resultata på ulike kundegrupper, ser vi at mellom anna fullmektigane er meir krevjande og kritiske enn andre kundar som leverer patentsøknader. Fullmektigane har svært god kjennskap til IPR-systemet og stiller høge krav til Patentstyret. Gjennom undersøkingane får vi verdifulle innspel til korleis vi kan betre tilbodet vårt til denne gruppa. På varemerkeområdet ser vi at særleg mellomstore bedrifter har høg forventning til kor raskt ein varemerkesøknad skal behandlast. Trass i rask saksbehandlingstid samanlikna med andre patentverk viser resultata at denne gruppa er noko mindre nøgd enn andre grupper. Dei synest også at sjølve prosessen rundt det å registrere eit varemerke er uoversiktleg. Derfor er dialog med kundar i samband med søknadsprosessen og betre tilgjengeleg informasjon område vi ønskjer å jobbe meir med.

Figur 10: Kor nøgde kundane er med forundersøkingane til Patentstyret

Resultat for forundersøkingar



Vi gjennomfører også kvart år ei undersøking blant dei som har kjøpt éi eller fleire forundersøkingar innanfor patent, varemerke og design. Av dei 300 som fekk undersøkinga, har om lag 70 (23 %) svart. Resultata viser at kundane er svært nøgde med forundersøkingane våre, og det er lite endring over tid. Målet her er også 3,5. Vi ser at spesielt kundane som har kjøpt patentforundersøkingar, er svært nøgde med kommunikasjonen med saksbehandleren. Ved forundersøkingar på patentområdet ringjer saksbehandleren kunden i forkant for å avklare oppdraget, og resultatet viser at denne kundekontakten er viktig.

Tal og prosentdel patentsøknader frå norske søkjarar som blir leverte som førstesøknad til Patentstyret

Patentsøklarar vel ofte å levere den første søknaden om patent (førstesøknaden) i heimlandet og seinare søkje patent i andre land med *prioritet* frå denne første søknaden. Nærleik og god kommunikasjon med patentstyresmakta i eige land er ofte grunnen til dette valet. Prosentdelen av førstesøknader frå norske søkjarar som blir leverte til Patentstyret, kan vere ein indikasjon på kor nógde søkjarane er med søknadsbehandlinga, og dette er derfor valt som ein støttande analyse i MRS. Det er samtidig ikkje eit krav at førstesøknaden blir levert i eige land, og det kan av strategiske årsaker vere fornuftig å levere førstesøknaden i andre land eller til EPO.

Når ein skal søkje patent i fleire land, er det vanleg å bruke PCT-systemet og levere ein internasjonal patentsøknad som blir granska av ei godkjend PCT-myndigheit, og seinare føre søknaden vidare til dei landa ein ønskjer patentvern i. Søkjaren kan starte patentsøknadsprosessen med å levere ein slik PCT-søknad, slik at dette blir førstesøknaden. Det normale er å levere førstesøknaden i eige land, i eit anna land eller til EPO, og deretter levere ein internasjonal søknad med prioritet frå førstesøknaden.

Tabellen under viser at over halvparten av dei internasjonale patent-søknadene (PCT) norske søkjarar leverer, har prioritet frå ein norsk søknad, altså at søknaden første gong vart levert inn til Patentstyret. Resten av dei internasjonale søknadene frå norske søkjarar hadde hovudsakleg prioritet frå USA, Storbritannia og EPO.

Tala er baserte på det året søknaden blei publisert. Dei siste åra har prosentdelen med norsk prioritet variert noko, men lege mellom 47 og 55 %.

Tabell 8: Prosentdel internasjonale patentsøknader frå norske søkjarar som har prioritet frå norsk søknad

	2012	2013	2014	2015	2016
Prosentdel internasjonale søknader (PCT) frå norske søkjarar som har prioritet frå norsk søknad	47 %	49 %	53 %	55 %	52 %
Tal internasjonale søknader (PCT) frå norske søkjarar som har prioritet frå norsk søknad	849	704	735	681	678

Kjelde: worldwide.espacenet.com

3.2.2 Delmål 2: Betre bruk av immaterielle verdier

Det er eit mål for Patentstyret at norske bedrifter har nok kunnskap og medvit om korleis dei kan sikre lønnsemd gjennom rett bruk av immaterielle rettar og verdier. Gjennom forvaltning og formidling av kunnskap om immaterielle rettar og verdier er Patentstyret ein del av det norske innovasjonssystemet. Vi har styringsindikatorar som måler korleis vi bidreg til styringsdimensjonane «kompetanseoverføring til utvalde målgrupper» og «IPR-modenskap» blant norske brukarar.

Kompetanseoverføring

Omfang av kurstilbod

Kurstilbodet til Patentstyret rettar seg både mot personar med låge eller ingen forkunnskapar om fagfeltet, og mot profesjonelle aktørar. Føremålet med kursa er å auke kunnskapen om immaterielle rettar og verdier i norsk næringsliv, og å bidra til kompetanseutvikling for dei profesjonelle.

Gjennom debattprogrammet *Patentering versus forskning*, som blei sendt på Kunnskapskanalen i NRK i oktober, nådde vi ut til 12 000 personar – hovudsakleg personar med låg kunnskap om temaet. Programmet vil vere tilgjengeleg på NRK nett-tv i fem år framover, og dermed vil vi på sikt nå ut til langt fleire.

Døme på kurs i 2016

- Kurs i vern av patent, varemerke og design (ulike nivå)
- Frukostmøte om IPR for profesjonelle og for nybegynnarar
- Sikring av innovasjon i bedrifta
- Grunnleggjande IP-strategi
- Frå varemerke til merkevare
- Temakurs for profesjonelle: WIPO Services, EPO Practices, Madrid Seminar
- Digital synlegheit
- Post, lik og del – er alt lov i sosiale medium?

I 2016 arrangerte vi totalt 29 kurs, inkludert halvdagsarrangementet World Intellectual Property Day – ei global markering i regi av WIPO. Totalt deltok 1395 personar på arrangementa våre – 648 av desse via strøyming. Strøyming gjer at fleire kan delta uavhengig av geografi, og vi har hatt deltakarar frå Kristiansand i sør til Longyearbyen i nord.

Sitat frå nógde kundar:

«Fantastisk mulighet med strømming – gir mulighet for effektivitet i arbeidsdagen samtidig som det blir lavere terskel for å få til kompetansebygging. Jeg delte strømmingen på storskjerm med kollegaer, og vi kunne underveis diskutere momenter relatert til vårt arbeid, veldig bra!»

«Bra det gjøres webinar da vi ikke alltid kan reise til Oslo eller andre større byer.»

«Live streaming fits my professional schedule and saves me money.»

Vi måler alltid korleis deltakarane sjølve vurderer nytteverdien, og om dei kan gjere bruk av kunnskapen dei har fått på kurs. I 2016 oppnådde nytteverdi ein snittskår på 3,6 – altså over målet på 3,5 (på ein skala frå 1 til 4 der 4 er høgast). I tillegg svarte i snitt 90 % at dei kan gjere bruk av kunnskapen dei fekk i den daglege jobben sin, altså godt over målet på 85 %.

Anna type kompetanseoverføring

Pådrivaraktivitetar: I tildelingsbrevet for 2016 blei Patentstyret bede om å leggje fram og følgje opp ein handlingsplan med konkrete aktivitetar basert på prioriteringsanalysen frå 2015 og tilgjengelege ressursar. Målgruppene i handlingsplanen er universitets- og høgskulesektoren (UoH), verkemiddelaktørar, næringslivsorganisasjonar, klyngjer og inkubatorar/næringshagar. Arbeidet for desse målgruppene skal støtte opp under målet om betre bruk av immaterielle verdier.

Aktivitetar mot næringshagar og inkubatorar (Siva-nettverket): Ved inngangen til 2016 etablerte vi eit prosjekt for å kartleggje kompetansebyggjande og bevisstgjeringe tiltak blant definerte aktørar i Siva-nettverket. Vi ønskjer å prioritere inkubatorar og næringshagar fordi dei har som oppgåve å fremje industriell nyskaping. I mange tilfelle vil kunnskap om tenleg bruk av immaterielle rettar i verdikjeda deira og på forretningsområda deira vere ein føresetnad for verdiskapinga.

Vi har i 2016 gjennomført undersøkingar for å kartleggje behov og kunnskapsnivå, delteke på arrangement i regi av Siva og hatt møte med ulike næringshagar og inkubatorar. Vi har dessutan fått nyttig informasjon frå Patent- og registreringsverket i Sverige, som har jobba målretta med tilsvarande aktørar i over tre år. Med dette som bakteppe har vi vurdert behovet og kva for tiltak vi kan tilby. Av konkrete aktivitetar kan vi nemne gratis tilbod om kursplassar til alle inkubatorar og føredrag for kunnskapsparken Protomore i Molde.

Aktivitetar med klyngjer: Vi har valt å jobbe saman med klyngjene i Norwegian Centres of Expertise (NCE-klyngene) i 2016 og 2017. Vi meiner at det er eit stort potensial for samarbeid med desse klyngjene fordi dei inneheld etablerte bedrifter som er opptekne av IPR og i modus for å auke kompetansen på området. Vi tilbyr kompetanseoverføring i form av kurs og føredrag, og har i 2016 vore med på konferansar og gjennomført føredrag i fleire klyngjer. Mellom anna hadde vi eit førebuande møte med NCE Maritime Cleantech før jul for å identifisere kompetansebehovet deira og tilby eit skreddarsydd kurs i januar 2017. Vi har også utarbeidd ei oversikt over ulike føredragsmodular vi kan tilby bedriftene, anten i eigen regi eller i samarbeid med fullmektigar og andre eksterne bidragsytarar.

Klyngjer

Klyngjeprogrammet Norwegian Innovation Clusters (NIC) tilbyr fagleg og finansiell støtte til utvikling av næringsklyngjer som er nasjonalt eller internasjonalt konkurransedyktige innanfor sitt fagområde. NIC er eit samarbeid mellom Innovasjon Noreg, Siva og Noregs forskingsråd. Det blir finansiert av Nærings- og fiskeridepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Meir info: www.innovationclusters.no

NIC omfattar norske klyngjer på tre nivå:

- 1 Arena www.arenaclusters.no
- 2 Norwegian Centres of Expertise (NCE) www.nceclusters.no
- 3 Global Centres of Expertise (GCE) www.gceclusters.no

Næringshagar

Ein næringshage er ein operatør for næringshageprogrammet til Siva. Næringshagen er eit bedriftsfellesskap som arbeider for utvikling av næringslivet i sin region. Næringshagemiljøet omfattar ei rekkje bedrifter som er samlokaliserte i næringshagen eller knytte til denne gjennom tett oppfølging og samarbeid. Næringshagen gir bedrifter i distrikta eit innovativt, fagleg og sosialt miljø. Per 1. januar 2017 er 39 næringshagar med i det nasjonale næringshageprogrammet. Meir info: effekten.siva.no.

Inkubatorar

Ein inkubator er eit innovasjonsselskap som skal bidra til utvikling og etablering av nye vekstbedrifter og skape vekst i det etablerte næringslivet. Inkubatoren tilbyr eit fagleg og sosialt miljø der gründerar, bedrifter, academia, FoU-miljø, investorar og andre blir kopla saman. Per 1. januar 2017 er 35 inkubatorar med i det nasjonale inkubatorprogrammet til Siva. Meir info: effekten.siva.no

Vi har sett at IPR-modenskapen og behova for IPR varierer mellom dei ulike klyngjene, slik at vi må tilpasse aktivitetane til ulike behov og kunnskapsnivå blant bedriftene i klyngjene. Det omfattar tett dialog med kvar enkelt klyngje og klyngjeleiar for å gi eit tilbod bedriftene deira har nytte av.

Føredrag og arrangement: I 2016 har representantar frå Patentstyret halde 64 føredrag for undervisningsinstitusjonar (UoH), verkemiddelaktørar, inkubatorar/næringshagar, klyngjer, næringslivsorganisasjonar og andre, med totalt over 2 150 deltakarar. For UoH-sektoren heldt vi førelesingar med tema som patent, varemerke, design, patentdatabasar, arbeidstakaroppfinningar og opphavsrett. Målgruppene for desse var mellom andre masterstudentar og ph.d.-kandidatar innanfor innovasjon og forretningsutvikling på Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet (NMBU), ingeniørstudentar innanfor maskin, elektronikk og kjemi på Høgskolen i Oslo og Akershus, og teknologi- og entreprenørskapsstudentar på Universitetet i Agder.

Vi har som mål at 85 % av deltakarane skal vere godt nøgde og synest at føredraga våre gir stor nytteverdi for arbeidet deira. Målet blei nådd, og dette støttar rolla vår som kunnskapsleverandør til næringslivet og forskings- og utdanningsinstitusjonane.

Konferansar, seminar og messer er andre område der vi bidreg med kunnskapsoverføring og skaper auka medvit rundt IPR. Vi hadde stand på 28 arrangement, hovudsakleg i regi av verkemiddelapparatet og utvalde næringslivsorganisasjonar. I tillegg var vi med på 74 andre arrangement for å informere og rettleie kundar og potensielle kundar, knytte nettverk med strategiske samarbeidspartnarar og vere med i relevante paneldebattar. Vi har fått fleire positive tilbakemeldingar om at vi er meir tilgjengelege enn tidlegare, og kundeundersøkinga på side 38 viser at kundane har stort utbyte av kunnskapen vi formidlar.

Samarbeid med verkemiddelaktørane:

Patentstyret har samarbeidsavtalar med Innovasjon Noreg, Noregs forskingsråd, Siva og Design og arkitektur Noreg (DOGA), og vi utfører kvart år aktivitetar for felles målgrupper for å bidra med kompetansebygging og informasjon.

I 2016 har vi gjennomført eit eige prosjekt i samarbeid med Innovasjon Noreg for å kartleggje behovet for ei samla rettleiings- og rådgivingsteneste innanfor immaterielle verdiar og rettar. Dette er omtalt på side 43.

Utover dette kan vi trekkje fram samarbeidsaktivitetar som «Starte og drive bedrift»-dagane i regi av Brønnøysundregistra, «Næringslivets muligheter i Horisont 2020»-arrangementa i regi av Noregs forskingsråd og Transform (tidlegare Designdagen) i regi av DOGA. Vi var på éi stor messe («Vel ekte»-kampanje saman med Tolldirektoratet på Reiselivsmessen) og hadde stand på fleire store konferansar. I tillegg heldt vi føredrag på arrangement i regi av Innovasjon Noreg og Siva.

Vi opplever at det til tider er utfordrande å samarbeide med dei ulike verkemiddelaktørane ettersom dei ofte har andre prioriteringar enn oss. Samtidig blir dei i liten grad målte på korleis immaterielle rettar og verdiar er med i vurderinga når dei tildeler støtte og tilskot til sine kundar. Det er også mogleg å bli betre på det å vise seg fram som samordna aktørar med eit heilskapleg tilbod til kundane. Det nemnde prosjektet ovanfor med Innovasjon Noreg peikar også på at næringslivet synest det er vanskeleg å få oversikt over kven som gjer kva i ulike fasar av innovasjonsprosessen.



I 2016 hadde vi høg ekstern aktivitet med totalt 166 pådrivaraktivitetar. Dette inneber blant anna eksterne føredrag, rettleiing på stand, deltaking på konferansar, seminar og andre innovasjonsarenaer.

Velgekte.no og styresmaktsnettverket mot inngrep i immaterialrettar:

I 2015 etablerte norske styresmakter eit nettverk mot inngrep i immaterielle rettार og oppretta nettsida velgekte.no. Patentstyret har sekretariatsfunksjonen i nettverket og driv nettstaden velgekte.no. I 2016 blei Forbrukarombodet også med i styresmaktsnettverket, i tillegg til dei ni andre styresmaktene. Saman med nettverket har vi halde fram arbeidet med bevisstgjerung rundt piratkopiering og varemerkeforfalsking i 2016. Vi har mellom anna gjennomført desse tiltaka:

- annonsering på Finn.no, kampanje med Tolldirektoratet på Rygge flyplass, annonsering på skjermene på Flytoget og deltaking på Reiselivsmessen 2016 saman med Tolldirektoratet (desse aktivitetane hadde alle som føremål å gjere forbrukarane (dei reisande) bevisste på problema med å kjøpe piratkopiar på ferie i utlandet)
- stand i Verdsorganisasjonen for immaterialrett (WIPO) i Genève der vi viste fram dei norske bevisstgjerungstiltaka for andre land

Patentstyret held nettstaden velgekte.no jamleg oppdatert med nyheiter og annan relevant informasjon. I 2016 blei store delar av nettstaden omsett til engelsk under namnet buyreal.no. Føremålet var å gjere innhaldet lettare tilgjengeleg for fleire, også samarbeidspartnarane våre, som arbeider med dei same problemstillingane i andre land. Nettstaden har ein forbrukarprofil, men har også innhald retta mot næringsliv, styresmakter og media. Som i 2015 såg vi også i 2016 at velgekte.no er ei viktig kjelde for media når piratkopiering og varemerkeforfalsking blir omtalt.

Det har vore nedgang i talet på besøk på velgekte.no i 2016 (2312) samanlikna med lanseringsåret 2015 (9165, og 2261 av dei på lanseringsdagen). Det kjem av at det var stor lanseringsaktivitet i 2015, og at fleire besøkte sida då ho var ei nyheit. Besøkstala aukar vesentleg når vi gjer kampanjetiltak og får medieomtale. Det viser kor viktig det er å halde fram arbeidet med å skape merksemd rundt problemstillingar som gjeld piratkopiering og varemerkeforfalsking.

Figur 11: Plakaten som blei vist på standen vår i WIPO i Genève



Digitale kanalar

Nettsidene til Patentstyret er den viktigaste kommunikasjonskanalen vår og skal sørge for kompetanseoverføring til både nye gjester utan forkunnskapar og dei som har meir erfaring med fagområdet vårt. I 2016 hadde vi totalt 279 000 besøk på nettsidene. Omtrent halvparten av dei som besøkte nettsidene var nye gjester. Kundeundersøkinga viser at om lag 95 % av dei som søker om rettar, besøker nettsidene, og 87 % finn den informasjonen dei har behov for.

Vi lanserte nye nettsider i oktober 2016 med funksjonalitet som er tilpassa ny teknologi og nye brukarkrav. Innhaldet viser i større grad enn tidlegare til at immaterielle rettar er ein integrert del av innovasjonsprosessane som bør knytast opp mot forretningsstrategien. Vi ønskjer å auke kunnskapen om ulike typar immaterielle rettar og på ein meir forståeleg måte vise korleis søknadsprosessane er bygde opp. Målet er å bidra til fleire gode rettar for det norske næringslivet.

Sosiale medium: Patentstyret brukar Facebook, Twitter og LinkedIn for å nå ut til ulike målgrupper som har interesse for fagområdet vårt – til dømes gründerar, fagfolk i ulike innovasjonsmiljø, IPR-ekspertar og journalistar. Dette er viktige kanalar som skal trekkje folk til patentstyret.no, velgekte.no og skape auka effekt av andre aktivitetar vi gjer åleine eller med samarbeidspartnarar. Dessutan når vi på denne måten ut til viktige meiningsdannarar. Totalt

hadde vi over 11 000 følgjarar i desse kanalane ved utgangen av året, og mange av nyheitssakene våre har blitt likte, delte og/eller kommenterte.


Tradisjonelle medium

Redaksjonell omtale i media er det mest verknadsfulle verktøyet for alle som driv med bodskapsformidling. Derfor brukar vi ressursar på å svare på førespurnader og ta initiativ til saker overfor pressa. I 2016 blei Patentstyret omtalt i 354 artiklar og nyheitsinnslag, og halvparten av dei var i riksdekkjande medium. I 36 % av oppslaga blei talspersonane i Patentstyret siterte.

Nyheiter og pressemeldingar som blir plukka opp av nyheitsbyråa og formidla vidare av norske avisredaksjonar, kan få spesielt store gjennomslag i mediebiletet. Døme på slike saker i 2016 var konflikten rundt varemerket «potetgull», rettssaker rundt lakseluspatentet til Baard Johannessen, omtalen frå NTB av auken i talet på patentsøknader og ein informasjonskampanje mot kjøp av piratkopierte produkt, der kontakt og samarbeid med pressa var ein sentral del av planlegginga.

At vi når ut til både breie og relevante målgrupper gjennom redaksjonell omtale, viser rangeringa av kva mediekkanalar som oftast omtalte oss i fjor: Øvst ligg nrk.no (den nest mest besøkte nettsida i Noreg, jf. TNS Gallup), med Dagens Næringsliv og Finansavisen på 2. og 3. plass.

Figur 12: Effekt av presseomtale



Kjelde: Google Analytics

Nyheita om Rema 1000 og «Æ» gav med ein gong aktivitet i søkjetenesta til Patentstyret.

Det blei gjennomført 1 595 søk – dei aller fleste på bokstaven «Æ».

Infosenter og kundesenter

Infosenteret til Patentstyret svarte i 2016 på nærare 7 000 telefonar, om lag 600 e-postar og fekk rundt 200 besøk med spørsmål om immaterielle rettar. Telefonførespurnadene har hatt ein nedgang på 14 %, medan e-postførespurnadene har auka med om lag 20 % sidan 2015. Vi ser at kundane framleis ønskjer å ha ein direkte dialog med Patentstyret, sjølv om dei brukar både nettsidene og databasane våre. Kundane får mellom anna svar på spørsmål om søknadsprosessar, regelverk, internasjonale søknadsordningar og om andre aktørar dei kan få rettleiing av i innovasjonsprosessen. Vi bidreg til å auke kompetansen om immaterielle verdiar og rettar, og hjelper kundane med å kome vidare i bruken av industrielle rettar. På sikt vil det bidra til fleire gode rettar for det norske næringslivet.


Opplevd kompetanseoverføring

Undersøking av effekt av kompetanseoverføring og kor nøgde kundane er med informasjonsaktivitetane til Patentstyret

Vi har undersøkt om vi i Patentstyret når fram til kundane våre med informasjon om bruk av immaterielle rettar gjennom ulike kanalar. Den årlege kundeundersøkinga viser at kundekontakt gjennom infosenteret, kundesenteret og saksbehandlarane er viktig, i tillegg til kursverksemda. Resultata viser at kundane er nøgde. Målet er ein gjennomsnittsskår på 3,5 på ein skala frå 1 til 4, der 1 er negativ og 4 er positiv. Vi når målet på dei aller fleste områda, og vi ser ein liten auke frå 2015 på dei fleste områda og innanfor alle tre kundegruppene.

Figur 13: Opplevd kompetanseoverføring frå ulike møte med Patentstyret

Opplevd kompetanseoverføring



IPR-modenskap

IPR-modenskap seier noko om i kva grad bedriftene brukar immaterialrettssystemet, i kva grad dei tek omsyn til immaterielle rettar i verksemda si, og om dei er bevisste på om dette er relevant eller ikkje for bedrifta. For ein stor del bedrifter er IPR lite relevant. For svært mange bedrifter er IPR noko dei er bevisste på, og dei nyttar immaterielle rettar for å verne om dei immaterielle verdiane sine. Andre bedrifter brukar IPR meir aktivt i forretningsverksemda, gjerne langsiktig og strategisk. For nokre bedrifter er eigarskap til immaterielle rettar sjølve forretningsideen.

For Patentstyret er det viktig at dei bedriftene der immaterielle verdiar og rettar er relevant, faktisk er bevisste på og nyttar immaterialrettssystemet til å registrere eigne rettar, overvake konkurrentar og moglegheiter, eller skaffe seg rett kompetanse på området. I MRS er det tre indikatorar som gjeld IPR-modenskap: bruk av forundersøkingar og søkje- og varslingsstenesta, og tal norske søknader til utlandet.


Tal forundersøkingar frå norske søkjarar

Bruken av forundersøkingar frå Patentstyret auka med om lag 15 % både for varemerke- og patentoppdrag i 2016. Vi har aktivt informert om forundersøkingar når vi har vore ute og treft næringslivet, og auken kan tyde på at dette har hatt effekt.

Det er ein stor del små og mellomstore bedrifter (SMB) som kjøper forundersøkingar, men dei profesjonelle aktørane er den største kundegruppa både på patent- og varemerkeområdet. Vi har lansert to nye tenester som er tilpassa desse kundane i 2016, og det er også desse kundane som står for auken i talet på forundersøkingar.

Figur 14: Talet på forundersøking på patent-, varemerke- og designområdet

Tal forundersøkingar



Patentlandskapsanalysar

I samarbeid med Noregs forskingsråd presenterte Patentstyret i 2015 forslag om kartlegging av patentlandskap for leiarane av SFI-programma (Senter for forskingsdriven innovasjon). Ein patentlandskapsanalyse er ei type forundersøking som kartlegg handlingsrommet rundt ein viss type teknologi, og som kan innehalde informasjon om

- kva for nasjonar som patenterer innanfor fagområdet
- kvar ulike nasjonar legg hovudvekta på dette fagområdet
- kven som er dei største aktørane i dei ulike geografiske områda
- våre synspunkt på resultatane som kjem fram

For FoU-prosjekt kan det ha stor verdi å utføre landskapsanalysar i den innleiande kartlegginga. Når kunnskapsgrunnlaget frå byrjinga også omfattar patent, kan ein spare forskingsarbeid, finne moglege samarbeidspartnarar, få auka kunnskap om utviklingsarbeidet i industrien og redusere talet på feilinvesteringar ved at ein rettar arbeidet i ei retning med større innovasjonsmoglegheiter.

I 2016 fullførte Patentstyret ein rapport til SFI Exposed (SINTEF Fiskeri og Havbruk), og vi har jobba med ein patentlandskapsanalyse for Invent2. Vi har vidare analysert fagområda til SFI Manufacturing (SINTEF Raufoss Manufacturing AS) og SFI Subpro (NTNU), og rapportane er no i ferd med å bli skrivne. Ein student har kartlagt norske aktørar på lakselusområdet og analysert patentlandskapet i masteroppgåva si under rettleiing frå oss. Oppgåva vil vere relevant for fleire miljø, som NCE Aquaculture og SFI Sea Lice Research Centre.


Samla tal patent-, varemerke- og designsøknader frå norske søkjarar til utlandet

Den samla immaterialrettsaktiviteten til norske aktørar gir ein indikasjon på IPR-modenskap. I tillegg til talet på søknader frå norske søkjarar om patent, varemerke og design i Noreg, er det derfor også relevant å sjå på kor mange søknader norske søkjarar leverer i andre land.

Figuren nedanfor viser utviklinga over tid av samla tal søknader om industrielle rettar til utlandet som er leverte av norske søkjarar. Etter ein markant auke på

Figur 15: Tal søknader om industrielle rettar frå norske søkjarar til land utanom Noreg (vi gjer merksam på at tal for 2016 ikkje er tilgjengelege enno)

Søknader om industrielle rettar utanlands med norske søkjarar



byrjinga av 2000-talet har trenden flata ut noko dei siste åra. Samanlikna med talet på søknader som blei leverte av norske søkjarar i Noreg (5 766), er talet på søknader som er leverte til andre land (19 380), 3,4 gonger høgare. Merk at tala på søknader om EU-varemerke og EU-design er multipliserte med talet på land som er omfatta av ordninga, medan europeiske patentsøknader berre er talde éin gong. Tal for 2016 er ikkje tilgjengelege enno.

Kundebruk av register og databasar

Alle allment tilgjengelege søknader og rettar er tilgjengelege gjennom databasen til Patentstyret på nettet. Vi ser at norske og utanlandske bedrifter har behov for denne typen informasjon, og at dei aktivt brukar verktøya for å orientere seg i rettar og søknader som kan verke inn på arbeidet eller investeringane deira. Talet på besøk på søkjesidene (search.patentstyret.no) har auka med 25 % dei siste to åra og var på 232 000 i 2016. Stadig fleire kjem tilbake for å gjere nye oppslag, og talet på brukarar som har vore inne meir enn 200 gonger i løpet av 9 månader, har auka med 85 % sidan 2014. Vi ser samtidig ein auke i nye brukarar, og spesielt varslinga kan trekkjast fram, med 60 % fleire brukarar enn i 2015. Frå kundeundersøkinga ser vi at 7 av 10 brukte søket for å orientere seg før eller etter at dei leverte søknad til Patentstyret.

3.3 Rapportering ut frå føringar og oppdrag i tildelingsbrevet for 2016

3.3.1 EPO, WIPO, EFTA og EUIPO

Patentstyret representerer Noreg i forvaltningsrådet for Den europeiske patentorganisasjonen og i underliggjande komitear. I 2016 deltok Patentstyret på møte i forvaltningsrådet, møte i budsjett- og finanskomiteen, patentlovkomiteen og i teknisk/operasjonell komité. I forkant av møta blir dei norske posisjonane avklarte med NFD, Utanriksdepartementet og Justis- og beredskapsdepartementet. Patentstyret rapporterer til departementa frå møta i forvaltningsrådet og andre komitear som behandlar relevante saker. Patentstyret var også observatør i Select Committee. Denne komiteen førebur den praktiske innføringa av sameint patent i EU (*unitary patent*). Noreg kan ikkje bli med i denne ordninga ettersom deltaking er avhengig av EU-medlemskap.

Patentstyret representerte i 2016 Noreg på generalforsamlingane i WIPO og i underliggjande komitear på området for industrielt rettsvern. Patentstyret deltek også jamleg i fleire faste komitear: system for klassifisering av oppfinningar for attfinning i seinare gransking av nye oppfinningar, klassifisering av varer og tenester for søknader om varemerkevern, patentlovkomiteen, varemerke- og designkomiteen og komiteane for dei internasjonale søknadsordningane for patent, varemerke og design.

Patentstyret har i 2016, etter oppmoding frå NFD, vore med i førebuingane til og i delegasjonane ved ei rekkje frihandelsforhandlingar i EFTA-regi (med Canada, Ecuador, Filippinane, Georgia, Tyrkia, Vietnam, Mexico og Malaysia). Vi har i slike tilfelle vore med i førebuingane og forhandlingane om eit særskilt vedlegg om vern av immaterialrett. I desember blei forholdet til Kina normalisert, og det er venta at dei bilaterale forhandlingane mellom Noreg og Kina – inkludert arbeidet med eit immaterialrettskapittel – blir tekne opp att i 2017.

Patentstyret har også teke del i EFTA/EØS-arbeidet innanfor industrielt rettsvern. Dette skjer gjennom møte i spesialutvalet for immaterialrett og i arbeidsgruppa for immaterialrett i Brussel, som møter EU-kommisjonen.

Det er viktig for næringslivet i Noreg at dette rettsområdet er føreseieleg. For å oppnå dette må ein bruke det same regelverket og praktisere det på same måten i dei ulike landa. På design- og varemerkeområdet tek derfor Patentstyret aktivt del i møte i EUIPO og tilpassingsprogrammet i EUIPO. Gjennom dette programmet samarbeider landa for å gjere saksbehandlingspraksis i EUIPO og i dei europeiske varemerke- og designstyresmaktene meir heilskapleg.

3.3.2 Nordisk Patentinstitutt (NPI)

Noreg er partnar i Nordisk Patentinstitutt saman med Danmark og Island. NPI har to hovudaktivitetar:

- 1) behandle PCT-søknader som ei av PCT-myndigheitene i WIPO
- 2) gjennomføre NPI-opppdrag, til dømes nyheitsundersøkingar for utanlandske kundar

NPI behandlar PCT-søknader frå norske, danske og islandske søkjarar. I tillegg kan svenske søkjarar bruke NPI. NPI skal levere tenester av minst like god kvalitet som andre PCT-myndigheiter i Europa og samtidig vere ei lett tilgjengeleg «lokal» PCT-myndigheit som er tilpassa behova til dei nasjonale søkjarane våre.

NPI gjennomfører også oppdrag for det utanlandske næringslivet. Dette dreier seg om den same typen forundersøkingar som Patentstyret utfører for norske bedrifter.

NPI-staben står for hovuddelen av administrasjon og sal, utviklingsoppgåver og kontakt med WIPO, medan saksbehandlarane hos Patent- og Varemerkestyrelsen (PVS) i Danmark og Patentstyret i Noreg utfører forundersøkingar, granskning og IPR-fagleg harmonisering og kvalitetssikring.

Den økonomiske modellen med full kostnadsdekking av NPI krev at alle partar jobbar mest mogleg kostnadseffektivt. Patentstyret arbeider derfor tett saman med partnarane i NPI for å oppnå dette.

Behandlinga av PCT-søknader og NPI-opppdrag er fagleg svært lik behandlinga av nasjonale patentsøknader. Det er derfor stor synergieffekt mellom desse aktivitetane i Patentstyret. Arbeidet for utanlandsk næringsliv gir Patentstyret i tillegg viktig kompetanse, både i søkjestrategi, kundeoppfølging og om korleis det internasjonale næringslivet brukar patentanalysar i forretningsstrategien sin. Denne erfaringa kjem i sin tur det norske næringslivet til gode.

Partnerskapen i NPI fører vidare til eit tett fagleg samarbeid med PVS. Dette bidreg til ei kontinuerleg betring av søknadsbehandlinga og rutinane til Patentstyret, og i særleg grad til auka kundeorientering.

Tabellen nedanfor viser utviklinga i talet på PCT-søknader og NPI-opppdrag som kjem inn til Patentstyret.

Tabell 9: Oppgåver gjennom Nordisk Patentinstitutt

	2012	2013	2014	2015	2016
Tal PCT-søknader	162	136	149	148	160
Tal NPI-opppdrag	190	165	178	105	124

NPI som PCT-granskingsmyndigheit

17 nasjonale patentverk er godkjende som granskingsmyndigheit for internasjonale patentsøknader (PCT) – til dømes patentverka i USA, Australia, Brasil, Kina, Japan, Sverige og Finland. I tillegg er tre regionale patentverk godkjende – EPO, NPI og Visegrád Patent Institute.

PCT-søknader

I 2016 fekk Patentstyret inn 160 PCT-søknader til behandling for NPI – ein auke frå åra 2013–2015, og på nivå med 2012. Dette svarar til om lag 20 % av norske patentsøknader som blir førte vidare internasjonalt. Ein del søkjarar vel av ulike årsaker å bruke EPO eller det svenske PRV som internasjonal granskingsmyndigheit.

Behandling av PCT-søknader for NPI som internasjonal granskingsmyndigheit er ein del av verksemda til Patentstyret. I motsetnad til nasjonale patentsøknader er behandling av desse PCT-søknadene underfinansiert ettersom søknadsgebyra som blir fastsette av WIPO, ikkje dekkjer dei faktiske kostnadene for søknadsbehandlinga. Det økonomiske resultatet for PCT viser dermed eit underskot på snautt 2 millionar kroner.

NPI-oppdrag

I 2016 gjennomførte Patentstyret 124 NPI-oppdrag, ein liten auke frå 2015. NPI held fram med å følgje strategien som er følgd dei siste åra med å gå inn i bedriftsmarknader i USA og Europa. Det økonomiske resultatet for NPI-oppdrag viste eit tilnærma nullresultat for 2016.

Tabell 10: Resultat for Nordisk Patentinstitutt

	2016
PCT-søknader	
– Inntekter	1 420 770
– Direkte kostnader	3 354 487
– Andre kostnader	64 343
<i>Resultat PCT-søknader</i>	-1 998 426
NPI-oppdrag	
– Inntekter	2 192 872
– Direkte kostnader	2 138 405
– Andre kostnader	96 514
<i>Resultat NPI-oppdrag</i>	-42 047

Alle tal i 1 000 kr

3.3.3 Prosjekt om den framtidige verksemda i Patentstyret

Patentstyret har i 2016 vore med i eit prosjekt som blei sett i gang av NFD, om dimensjoneringa og finansieringa av Patentstyret i framtida. Prosjektet skal bidra til å utdjupe utviklingsdialogen mellom NFD og Patentstyret, og klarleggje korleis Patentstyret skal fordele ressursar på høvesvis søknadsbehandling og kunnskapsspreiing om immaterielle rettar i den vidare utviklinga for etaten. I tillegg er målet å avklare kva som skal brukarfinansierast, og kva som skal finansierast gjennom statlege løyvingar, og å sikre ein føreseieleg og avklart finansieringsmodell for Patentstyret. Prosjektet skal også bidra til å avklare kor mykje ressursar departementet framover bør bruke på Patentstyret samanlikna med andre verkemiddelaktørar. Prosjektet blir avslutta i 2017.

3.3.4 Vurdering av ei samla rettleiings-teneste for immaterielle verdiar og rettar

Innovasjon Noreg og Patentstyret har i 2016 i fellesskap vurdert behovet for ei samla rettleiings- og rådgivingsteneste innanfor immaterielle verdiar og rettar. For å kartleggje kva utfordringar og behov næringslivet har på området, har prosjektgruppa lagt vekt på funn frå ulike spørjeundersøkingar og innspel frå relevante aktørar. Tiltak og erfaringar frå andre land er også blitt undersøkte og diskuterte.

Viktige hovudfunn: For målgruppa som omfattar verksemdar med låg modenskap på immaterialrettsområdet, blei det avdekt to hovudutfordringar:

- mangel på kunnskap om immaterielle verdiar og rettar
- mangel på oversikt over kven som kan gi råd og rettleiing i ulike fasar av innovasjonsprosessen

Prosjektgruppa føreslo derfor å ta tak i to behov: behovet for oversikt over aktørar som kan gi støtte, og behovet for styrking av kompetanse.

I staden for å samle rettleiing og rådgiving hos eksisterande eller nye aktørar kan det vere meir tenleg å koordinere og vise fram det offentlege tilbodet betre. Det å skaffe ei god oversikt over både private og offentlege aktørar, kva rolle dei har når det gjeld IPR, og kva dei konkret tilbyr i innovasjonsprosessane, blir føreslått som eit viktig tiltak for at verksemder og gründerar enklare skal finne fram og vite kven dei bør kontakte.

Prosjektgruppa meinte at offentleg rettleiing/rådgiving om immaterielle verdiar og rettar bør skje gjennom dei verkemiddelaktørane som eksisterer i dag. Via innovasjonsaktørar, klyngjer og anna kan ein også nytte kunderettleiarar og andre nøkkelfressursar som bedrifta likevel er i kontakt med. Det blir derfor viktig å styrkje opplæringa for kunderettleiarar og innovasjonsaktørar i verkemiddelapparatet.

I tillegg føreslo prosjektgruppa å auke kurstilbodet og setje inn meir ressursar til rettleiing for næringslivet elles. Det offentlege tilbodet av kompetansetiltak bør prioritere dei som er minst modne innanfor immaterielle verdiar og rettar. Emnet bør også i større grad inn i aktuelle studieretningar ved vidaregåande skular, høgskular og universitet.

3.3.5 Frivillig registrering av føretaksnummera til kundar

Patentstyret har i 2016 betra dei digitale søknads-skjemaa i Altinn for å få norske kundar til å leggje inn organisasjonsnummer. Fleire kundar legg no inn desse opplysningane når dei søkjer om patent-, varemerke- og designregistrering. Prosentdelen som legg inn anten organisasjons- eller personnummer i søknaden var ved utgangen av 2016 på 76 %, ei positiv utvikling frå 2013 då prosentdelen var 62 % . Desse opplysningane gir oss eit betre statistikkgrunnlag og gjer det mogleg å kommunisere digitalt med kundane.

3.3.6 Statusmøte for oppfølging av stortingsmeldinga om immaterielle verdiar og rettar

(Meld. St. 28 [2012–2013] *Unike idear, store verdiar – om immaterielle verdiar og rettar*).

Stortingsmeldinga om immaterielle verdiar og rettar som blei lagd fram i 2013, peika på behovet for betre kunnskap om immaterielle verdiar og rettar – både i næringslivet og i UoH-sektoren. Våren 2016 arrangerte NFD eit statusmøte om meldinga, med deltakarar frå NFD, Patentstyret, fullmektigbransjen, NHO og norsk næringsliv, og universitetssektoren. Møtet viste at i etterkant av meldinga er dei fleste bestillingane og intensjonane i meldinga følgde opp på ein god måte, ikkje minst av Patentstyret. Dei gjennomførte tiltaka omfattar mellom anna tilpassing av reglar og ordningar, vidareutvikling av Patentstyret, aktivitetar for å motarbeide piratkopiar og varemerkeforfalskingar, og etablering av eit betre kunnskapsgrunnlag om IPR.

Eit område som derimot ikkje er følgt opp, er «betre opplæring i immaterielle verdiar og rettar». Meldinga peika på behovet for styrkt opplæring i immaterielle rettar i heile utdanningsløpet, men dette har ikkje skjedd i særleg grad. Statusmøtet peika på manglande bestillingar og uklar eigarskap til problemet som årsaker til dette, men viste samtidig at behovet for styrkt opplæring ikkje er mindre i dag enn i 2013. Patentstyret ønskjer derfor å halde fram dialogen om dette med NFD og UoH-sektoren.

3.3.7 Måling av brukareffekt – kundedialog

Som eit ledd i arbeidet med ein enklare kvardag ønskjer regjeringa å styrkje kontakten mellom brukarane og forvaltninga. Patentstyret jobbar målretta med kundeorientering og utvikling av dialogen med kundane, inkludert klarspråk. I tråd med føringa i tildelingsbrevet om å kartleggje korleis brukarane opplever Patentstyret, gjennomfører vi kvart år målingar av kor nøgde kundane er, og desse gir oss nyttige innspel. Resultatet av undersøkinga i 2016 er omtalt på sidene 29 og 30.

I tillegg til desse årlege undersøkingane samlar vi tilbakemeldingar frå kundar i kvalitetsstyringssystemet vårt og brukar informasjonen systematisk for å betre tenestene våre. Dette

kan vere tilbakemeldingar om feil i databasane våre, uklar informasjon i breva eller variasjon i saksbehandlingspraksis. Eitt konkret døme frå 2016 er tilbakemeldingar om at registreringsbeviset vårt er for lite høgtidleg, ettersom dette er eit viktig verdidokument for kundane. Vi har derfor laga nye registreringsbevis som oppfyller dette ønsket. Tilbakemeldingar frå kundane er viktige innspel til utvikling av søkjetenesta. Ved utvikling av nye tenester er dialog med brukarane viktig.

I 2016 gjennomførte vi prosjekta «Kunden viser veg» og «Kundedriven førstelinjeteneste», som begge hadde som mål å betre kundeopplevinga og effektivisere søknadsbehandlinga i Patentstyret. «Kunden viser veg» nytta tenestedesign som metodikk. Føremålet var å utvikle framtidsette prosessar for kundedialog og behandling av søknader. Kundekunnskapen vi fekk gjennom dette prosjektet, har resultert i fleire tiltak – mellom anna realiseringa av nye, digitale løysingar for søknadsbehandling av patent, varemerke og design. Vi ønskjer å ta oss av behova til kunden gjennom heile søknadsprosessen – før søknaden blir levert inn, medan han er under behandling, og etter at han er avgjort. Vidare vil vi gjere søknadsprosessane våre mindre komplekse og meir føreseielege, og redusere behovet for brevveksling. Det vil gi auka effektivitet, gode brukaropplevingar og reduserte kostnader både for kundane våre og for Patentstyret. Konkret jobbar vi no med å fornye og forbetre søknadsrettleiinga som ligg i Altinn. Samtidig jobbar vi med å utvikle nye funksjonar i tillegg til betaling og varsling som kan brukast når ein er logga inn på nettsidene våre i dag.

Denne digitaliseringa er ein del av den strategiske satsinga vår for å ta oss av kundebehov. Prosjektet vil kontinuerleg levere nye og betre tenester i 2017 og 2018. Den økonomiske ramma er på kr 12,5 mill.

Patentstyret førebudde i 2016 ei styrking og vidare profesjonalisering av førstelinjetenesta vår for informasjon om immaterielle rettar og verdiar. Infosenteret blir tilført kompetanse og ressursar frå saksbehandlarane våre innanfor patent, varemerke og design. Det nye kundesenteret er operativt i løpet av første kvartal 2017.

3.3.8 Samfunnstryggleik og beredskap

Det har ikkje vore alvorlege hendingar som har truga tryggleiken i 2016. Sjå nærare omtale i del 4.

3.4 Andre område Patentstyret har ansvar for

3.4.1 Meklingsnemnda for arbeidstakaroppfinningar

Patentstyret var sekretariat for Meklingsnemnda for arbeidstakaroppfinningar fram til årsskiftet 2016–2017. Ved årsskiftet 2015–2016 hadde nemnda éi sak under behandling, og denne blei forlikt i eit meklingsmøte i september 2016. I løpet av 2016 fekk nemnda inn fire nye saker. Saksførebuingane til desse sakene er i gang. Frå 1. januar 2017 tok Klagenemnda for industrielle rettar (KFIR) over sekretariatsfunksjonen for nemnda.

3.4.2 Klager på føretaksnamn

Dersom nokon meiner at eit føretaksnamn som er registrert i Føretaksregisteret i Brønnøysund, kan forvekslast med deira føretaksnamn eller varemerke, kan dei sende inn eit krav om administrativ overprøving til Patentstyret. Det same gjeld dersom føretaksnamnet krenkjer retten til eit verna personnamn. Patentstyret behandlar altså krav om administrativ overprøving av føretaksnamn som er registrerte i Føretaksregisteret i Brønnøysund. Patentstyret fekk inn 44 krav om administrativ overprøving av registrerte føretaksnamn i 2016. Det er 5 krav meir enn i 2015, då vi fekk inn 39 krav.

3.4.3 Ansvarsmerke

Eit ansvarsmerke er eit stempelmerke for gull-, sølv- og platinavarer. Patentstyret administrerer registeret over ansvarsmerke i Noreg. Ei gull-, sølv- eller platinavare som blir stempla med finleiksmerke, skal samtidig stemplast med eit ansvarsmerke. Eit ansvarsmerke fortel kven som har ført vara ut i marknaden (kven som er produsent eller importør). Det gjer det mogleg å identifisere kven som har laga vara, til dømes kva for ein gullsmid det er snakk om. Ansvarsmerke må fornyast kvart tiande år etter registrering. I 2016 blei det registrert 57 nye og 31 fornyingar av ansvarsmerke.



4 Styring og kontroll

4.1 Overordna vurdering av styring og kontroll

Patentstyret nyttar mål- og resultatstyring som grunnleggjande styringsprinsipp. Patentstyret viser til at den samla måloppnåinga er god, slik det går fram av del 1 og 3.

God internkontroll står sentralt i oppfølginga vår for å sikre at vi når måla våre, at vi har ei effektiv drift og påliteleg økonomiforvaltning, og at vi held lover og reglar. Vi har etablert internkontroll innanfor innkjøp og økonomi, samfunnstryggleik og beredskap, IKT-tryggleik, oppfinningar som verkar inn på forsvaret av riket, og HMS-området. Vi avdekte ingen vesentlege svakheiter, feil eller manglar i avgjerande prosessar og aktivitetar i 2016. Interimrevisjonen som blei utført av Riksrevisjonen hausten 2016, gav ingen merknader.

Kontrollen av korleis Patentstyret behandlar patent-, varemerke- og designsøknader og forundersøkingar blir gjort gjennom eit kvalitetsstyringssystem. I mars 2016 blei vi, som ei av dei første verksemdene i Noreg, sertifisert på nytt etter ISO 9001:2015.

Leiinga i Patentstyret gjennomfører kvart år ei overordna risikovurdering som også blir oppdatert gjennom året. Gjennomgangen viser at risikobiletet ikkje er kritisk.

Leiargruppa i Patentstyret følgjer opp eit utval styringsindikatorar annankvar månad, slik at eventuelle korrigerande tiltak kan setjast i verk ved behov.

Bemanningssituasjonen har vore tilfredsstillande i 2016. Ni personar har slutta i løpet av året. Ikkje alle er erstatta, så talet på årsverk er redusert med fem.

Det er primært effektivisering som har gjort dette mogleg, men enkelte stillingar skal fyllast i 2017.

For å styrkje leiinga av verksemda og auke gjennomføringsevna vidare har vi i 2016 halde fram arbeidet med leiarutvikling basert på styrkebasert leiing og utvikla medarbeidarkonseptet vidare. Vi meiner god leiing er ein føresetnad for å møte krava om effektivisering.

4.2 Samfunnstryggleik og beredskap

Sårbarheitsanalysen NHD fekk utført i 2011, konkluderte med at Patentstyret var den minst sårbare av dei underliggjande etatane i departementet, både med omsyn til moglegheit for svikt og konsekvensen av ein eventuell svikt. Patentstyret blei vurdert som ikkje spesielt utsett for terrorisme. Vi deler denne vurderinga, men følgjer nøye med på utviklinga i det nasjonale risikobiletet.

Krise- og beredskapsplanane blir oppdaterte jamleg. Vi vurderer beredskapen som god på ansvarsområda våre.

Patentstyret har lagt til rette for å ta i bruk ei låggradert kommunikasjonsløyning (TopSec) og var med på den nasjonale IKT-tryggleiksøvinga (IKT16) som blei gjennomført i november 2016.

Vi har dei seinare åra gjennomført beredskapsøvingar for å trene på å handtere ein krisesituasjon som oppstår fordi offentleg informasjon har komme på avvegar, sist i 2015. I 2016 gjennomførte vi ei øving for å teste rutinane ved mottak av mistenkjeleg post.

4.3 IKT-tryggleik

Hovuddelen av informasjonen Patentstyret handterer i søknadsbehandlinga, er offentleg og elektronisk søkbar gjennom søkjetenesta vår. Det finst likevel nokre unntak – hovudsakleg innhald i førstesøknader om patent opptil 18 månader etter at søknaden er levert inn til Patentstyret. Det same gjeld forundersøkingar vi utfører for norske kundar, og NPI-opdrag for utanlandske kundar. Den største risikoen for Patentstyret er etter vår vurdering at slik konfidensiell informasjon kjem på avveggar, eller at informasjonen i registera våre går tapt. Tryggleikstiltaka våre tek omsyn til dette.

Patentstyret blei i 2016 utsett for eit tenestenekt-angrep mot to av dei eksterne tenestene våre. Vi sette i verk tiltak som avgrensa skadeomfanget fram til angrepet stoppa. I desember blei det sendt e-post med lenkje til skadeleg cryptolocker-programvare til mange av dei tilsette i Patentstyret. Dette blei i byrjinga ikkje fanga opp av spamfiltera og antivirusprogramma våre. Ein brukar fekk datamaskina si infisert med denne trojanske hesten, og ei rekkje filer på nettverket blei krypterte. Den aktuelle brukaren blei raskt spora opp, og alle krypterte filer blei lagde tilbake frå backup. Det har ikkje vore registrert andre hendingar som har truga tryggleiken i 2016.

IKT-tryggleiksstyringa til Patentstyret skal vere i samsvar med ISO 27001:2013, og vi meiner tryggleikstilstanden generelt er god og i samsvar med nasjonal strategi og handlingsplan for informasjonstryggleik.

I 2016 har vi mellom anna

- betra rolle- og tilgangsstyringa i saksbehandlingssystemet for patent, varemerke og design
- teke i bruk eit nytt produkt i spamfilteret som kan hindre at brukarar følgjer lenkjer i e-post til destruktive sider/programvare
- gjennomført nettlæringskurs for utvalde leiarar og medarbeidarar (opplæringspakken til NorSIS i samband med nasjonal tryggleiksmånad) – erfaringane var gode, og vi vil gjennomføre slik opplæring for alle medarbeidarane i 2017
- sett i gang innkjøp av ny ekstern backuppløysing

Vi vil elles gjennomføre ein ekstern revisjon av IKT-området i mars 2017.

Deltaking i toppleiarprogrammet for strategisk IKT gav eit godt utbyte for Patentstyret, og vi planlegg å følgje opp med eit opplegg for å styrkje den digitale kompetansen i heile leiargruppa til Patentstyret.

Vi viser elles til rapporteringa om tiltak for å auke IKT-tryggleiken, som blei send til NFD 25. april 2016, og rapporten om korleis tiltaksområda i nasjonal handlingsplan for informasjonstryggleik er følgde opp i Patentstyret, som blei send 17. november 2016.

4.3.1 Tryggleikslova

Patentstyret fell inn under tryggleikslova gjennom at vi handterer søknader om patent på oppfinningar som verkar inn på tryggleiken i riket. Det dreier seg om svært få søknader som blir behandla av eit fåtal tryggleiksklarerte medarbeidarar. Internkontrollen vår på dette området er følgd opp i 2016 etter den heilskaplege gjennomgangen vi hadde i samband med tilsynet frå Nasjonalt tryggingssorgan i 2015.

4.4 Mangfald og likestilling

I samsvar med aktivitets- og utgreiingsplikta gjer vi her greie for tilstanden når det gjeld mangfald og likestilling (jf. tildelingsbrevet for 2017 pkt. 4.5). Alle tala representerer status per 31. desember dei aktuelle åra.

4.4.1 Likestilling

Oversikt over kjønn, lønn, deltid, permisjon og sjukefråvær

Per 31. desember 2016 hadde vi 241 årsverk som var fordelte på 249 medarbeidarar som var knytte til Patentstyret. Tala for 2016 inkluderer alle som er i eit tilsetjingsforhold hos oss, også dei som er i ulike former for ulønna permisjon, unnateke vikariat.

Tabell 11: Kjønnsbalanse og lønn per stillingskode

Totalt / Stillingskodar	År	Kjønnsbalanse			Månadslønn	
		Menn %	Kvinner %	Total (N)	Menn kr	Kvinner Kr
Totalt verksemd	2016	39,0	61,0	249	54 045	46 706
	2015	39,2	60,8	255	51 664	44 730
Direktør	2016					
	2015	100		1		
1060 Avdelingsdirektør	2016	83,3	16,7	6	81 995	
	2015	83,3	16,7	6	78 985	
1211 Seksjonssjef	2016	25,0	75,0	16	64 469	63 205
	2015	23,5	76,5	17	61 329	59 341
1088 Sjefingeniør	2016	58,1	41,9	43	60 236	56 244
	2015	57,5	42,5	40	58 817	53 855
1364 Seniorrådgivar	2016	45,7	54,3	46	55 425	49 748
	2015	50	50	42	53 253	47 968
1181 Senioringeniør	2016	56,5	43,5	23	48 721	48 422
	2015	53,8	46,2	26	47 633	47 217
1434 Rådgivar	2016	33,3	66,7	24	43 999	44 084
	2015	44,4	55,6	18	43 900	44 351
1087 Overingeniør	2016	60	40	10	43 299	42 700
	2015	62,5	37,5	8	41 632	41 500
1085 Avdelingsingeniør	2016	100		1		
	2015	80	20	5	39 765	38 283
1408 Førstekonsulent	2016	7,5	92,5	40	39 022	39 247
	2015	10,3	89,7	39	38 319	37 592
1363 Seniorkonsulent	2016	27,0	73,0	37	42 226	41 027
	2015	20	80	45	40 825	40 017
1065 Konsulent	2016		100	2		38 529
	2015	14,3	85,7	7	35 292	37 456

Kjønn og lønn

For Patentstyret som heilskap har skilnaden i gjennomsnittleg månadslønn for menn og kvinner gått noko opp. Gjennomsnittleg månadslønn for menn ligg kr 7 339 over snittlønna til kvinnene. Det er ein auke på kr 405 per måned frå 2015, dvs. ein auke på 5,8 %.

Ut frå 2016-tala i tabellen ser vi at snittlønna for menn ligg over snittlønna til kvinnene i alle stillingskategoriane bortsett frå 1434 Rådgivar, 1408 Førstekonsulent og 1065 Konsulent.

Kjønnsfordeling

61 % av dei tilsette i Patentstyret er kvinner, og 39 % er menn. Størst kvinnerepresentasjon har vi i dei lågare stillingskategoriane, blant rådgivarane og blant seksjonssjefane. Kvinnedelen blant alle leiarar er 56,5 %. Patentstyret innfrir kravet frå staten om minimum 40 % kvinnerepresentasjon i leiinga. Ser vi på toppleiinga (inkludert direktøren) isolert, var kvinnedelen ved utgangen av 2016 på 16,7 %.

Tabell 12: Kjønn, arbeidstid og fråvær

År	Tal tilsette	Deltid		Mellombels tilsetjing		Foreldrepermisjon		Legemeldt sjukefråvær	
	Tot. (N)	% av M	% av K	% av M	% av K	% av M	% av K	% av M	% av K
2016	249	* 1,0	* 14,5	1,0	1,3	0	1,6	2,3	4,2
2015	255	2,0	18,1	1,0	0,6	1,0	1,9	3,8	5,5

* Deltid: Av totalt 97 menn jobbar 3 redusert, men av desse har 2 fått innvilga ein viss prosentdel uførepensjon og er ikkje med i utrekninga. Av 152 kvinner jobbar 29 redusert, men av desse har 7 fått innvilga ein viss prosentdel uførepensjon og er ikkje med i utrekninga.

Kjønn og deltid

Per 31. desember 2016 hadde vi 23 tilsette som jobba deltid. 22 av desse, 95,7 %, er kvinner. Deltid i denne samanhengen er i stor grad mellombels reduksjon i arbeidstid med bakgrunn i omsorgsoppgåver.

Kjønn og tilsetjingsforhold

Vi hadde 3 personar som var tilsette i mellombels stilling per 31. desember 2016, og av desse var 1 mann (vikariat) og 2 kvinner (vikariat).

Kjønn og permisjonar

Per 31. desember 2016 var 4 medarbeidarar ute i foreldrepermisjon, alle kvinner. Det utgjør 1,6 % av det totale talet på tilsette.

4.4.2 Mangfald

I Patentstyret har vi stort etnisk mangfald, og ved utgangen av 2016 hadde 14,7 % av dei tilsette eit anna etnisk opphav enn norsk. Dette vil seie at dei er innvandrarar fødte i utlandet eller norskfødde med innvandarforeldre. Befolkninga i Noreg omfattar 16,3 % med ein annan etnisk bakgrunn enn norsk (kjelde: Statistisk sentralbyrå, frå inngangen til 2016).

Tabell 13: Innvandrere etter kategori

	Tal	Prosentdel	Tal	Prosentdel	Tal	Prosentdel
	Per 21.12.2014		Per 21.12.2015		Per 21.12.2016	
Kategori 1 1)	12	4,5	11	4,3	11	4,4
Kategori 2 2)	24	9,0	27	10,6	26	10,3
Totalt	36	13,5	38	14,9	37	14,7

I denne gruppa kjem 10,3 % av dei tilsette frå Asia, Afrika, Latin-Amerika, Oseania utanom Australia og New Zealand, og Europa utanom EU/EØS (kategori 2). I 2016 rekrutterte vi 1 medarbeidar (vikar) med eit anna etnisk opphav enn norsk. Av totalt 6 nyttilsetjingar utgjer det 16,7 %.

Planlagde og gjennomførte tiltak

Vi har ein plan for systematisk arbeid med mangfald i Patentstyret for perioden 2012–2017. Målet er å fremje likestilling og hindre diskriminering på grunn av etnisitet og nedsett funksjonsevne. Vi vil revidere mangfaldsplanen i løpet av 2017.

Vi undersøker kvart år arbeidsmiljøet for å avdekkje tilfelle av diskriminering. Målinga for fjoråret gir ingen indikasjon på at det skjer diskriminering hos oss.

Lønnspolitikken vil bli revidert i 2017, og då vil vi mellom anna sjå på likelønnspolitikken.

Alle stillingar blir lyste ut på nettstaden www.inkludi.no, som rettar seg spesielt mot søkjarar med annan etnisk bakgrunn enn norsk.

Patentstyret nyttar moderat kvotering for søkjarar med ikkje-vestleg etnisk bakgrunn eller med nedsett funksjonsevne i avdelingar som ikkje oppfyller målkrava.

4.5 IA-avtalen og sjukefråvær

Patentstyret er IA-bedrift og rapporterer til Arbeidslivssenteret i Oslo. Sjukefråværet i 2016 var på 5,5 % og gjekk noko ned samanlikna med 2015, då fråværet var 6,3 %. Det var ein liten auke i det eigenmelde sjukefråværet, medan det legemelde fråværet gjekk ned. Vi har som mål at 95 % av dei tilsette er til stades, og vi følgjer derfor opp sjukefråværet tett.

4.6 Ytre miljø

Patentstyret er sertifisert som miljøfyrtårn og rapporterer særskilt om det.



Finst den nye oljen?

Økonomiske nedgangstider og aukande arbeidsløyse gjer folk meir kreative. Skapartrongen er stor i Noreg, og Patentstyret opplevde ein stor auke i talet på patentsøknader i 2016. Oljesektoren står for størstedelen av auken, men patentsøknadene tyder på at bedrifter som før har vore mest eksponerte mot oljenæringa, no spreier seg til nye område – til dømes akvakultur. Det kom inn 232 patentsøknader frå bedrifter og personar som er busette i Rogaland, medan Oslo, Akershus og Hordaland er dei neste på lista med omtrent 150 søknader kvar.

5 Vurdering av framtidsutsikter

Det store biletet

Noreg har i løpet av dei to siste åra vore gjennom ein periode med store endringar på grunn av fall i oljeprisen. Opptil 50 000 arbeidsplassar har forsvunne i norsk olje- og gassrelatert næringsliv. Samtidig ser vi at etablerte næringar verda over blir utsette for disruptiv konkurranse på grunn av nye forretningsmodellar som blir hjelpete fram av nye digitale løysingar.

Endringar skaper også nye moglegheiter, og i Noreg leitar vi no etter «den nye oljen». Sjølv om få næringar har same verdiskaping per arbeidsplass som olje- og gasssektoren, er det mange interessante utviklingstrekk i andre delar av det norske næringslivet. Vi kan nemne nokre døme:

- Gründerskap og innovasjon står no på agendaen hos alle politikarar og får auka merksemd og auka tilgang til offentleg og privat finansiering.
- Økonomiske nedgangstider gjer folk meir kreative. Rogaland, fylket som er hardast ramma av dei økonomiske nedgangstidene og den auka arbeidsløysa, viser også størst skapartrong.
- Helseindustri er etablert som eit nytt nasjonalt satsingsområde, med spennande initiativ som Curida og Oslo Medtech.
- Klimateknologi og grøn konkurransekraft er løfta fram som vekstområde, mellom anna på grunn av rapporten frå ekspertutvalet til regjeringa hausten 2016.
- Fiskeri- og havbruksnæringa opplever ein historisk sterk vekst, med 30 % vekst i verdi av oppdrettsfisk i 2016.
- «Manufactured in Norway» er eit initiativ for å auke norsk ferdigvareproduksjon i Noreg.

Felles for desse trendane og nye initiativa er at dei er kunnskapsbaserte, teknologiintensive og har ein internasjonal marknad.

Forståing av og kunnskap om immaterielle rettar og verdiar er viktige faktorar for å lykkast på områda eg nemner ovanfor. Vi kan derfor vente at behovet for tenestene og kompetansen til Patentstyret vil auke. Vi ser allereie ein underliggjande vekst på området vårt, og talet på søknader om patent og varemerke frå norske søkjarar har auka med om lag 25 % dei fem siste åra. Eg trur at denne veksten vil halde fram i tida som kjem. Det at forholdet mellom Noreg og Kina ser ut til å normalisere seg, kan bidra vidare til ei positiv utvikling for det norske næringslivet.

Alt dette er gledelege teikn, men også nødvendige teikn. Internasjonale målingar viser at Noreg held fram med å skåre lågt på innovasjonsevne – til dømes på Global Innovation Index 2016, der Noreg fell til ein 23. plass (nr. 13 i Europa), og der vi skårar aller lågast på «Knowledge and technology output».

Patentstyret

Situasjonen vi har skildra, krev at vi i Patentstyret, som eit kompetansesenter for immaterielle rettar, held fram med å utvikle tenestene, kompetansen og organisasjonen vår. Dette må skje samtidig som vi er i eit krysspress mellom auka forventningar og nye behov frå kundane, og kravet om stadig «meir for mindre» frå eigaren vår.

Kva får dette konkret å seie for oss? Det er ikkje mogleg å detaljplanleggje for framtida, men det heiter seg at «den som er godt førebudd, får betre utbyte». Vi må derfor byggje opp ein god beredskap og gjere organisasjonen i stand til å takle dei utfordringane vi veit kjem. Dette vil mellom anna seie at vi må

- utvikle søknadsbehandlinga vår ved å
 - forenkla og ha færre trinn i dei ulike søknadsprosessane
 - styrkje samarbeidet med European Patent Office og andre IPR-styresmakter
 - ta i bruk ny teknologi for å automatisere oppgåver der det er mogleg
 - betre kundedialogen for å auke kvaliteten på søknadene og redusere ressursbruken for både oss og søkjarane
- utvikle rolla som kompetansesenter for IPR ved å
 - avklare kva ambisjonsnivå og omfang vi skal ha på kunnskapsformidlinga vår på IPR-området
 - styrkje samhandlinga og avklare arbeidsdelinga med andre verkemiddelaktørar og dei private IPR-aktørane

For å ruste oss for framtida vil vi derfor i 2017 revidere strategien for Patentstyret for perioden frå 2018 og utover. Ein oppdatert og fornya strategi vil hjelpe oss med å prioritere, setje ambisiøse og realistiske mål, og utvikle betre samarbeidsrelasjonar. Slik kan vi bruke ressursane våre best mogleg og bidra til at «den nye oljen» faktisk blir så lønnsam og vellykka som vi alle håpar, og som Noreg treng.

I 2016 er inntektene og utgiftene til Patentstyret tilnærma i balanse, og vi forventar ein vidare vekst i inntektene som gjeld behandling av søknader. I dag er vi bruttofinansierte og kan ikkje nytte meirinntektene som følgjer av auka søknadsmengd, og det er vanskeleg å føreseie pensjonskostnadene. Dette gjer det utfordrande å lage gode kostnadsprognosar for å kunne drive god ressursplanlegging. Vi må derfor få ei avklaring frå NFD om finansieringsmodell og pensjonsinnbetalingar for Patentstyret i framtida, og dette skal prosjektet «Finansiering og dimensjonering av Patentstyret», som blei starta i 2016, bidra til.





6 Årsrekneskap

Kommentarar frå leiinga – forklaringar til rekneskapen

Dei samla inntektene til Patentstyret i 2016 var kr 247 249 717. Inntektene oversteig dermed den salderte inntektsløyvinga på kr 238 692 000 med kr 7 515 717.

Inntektene av informasjonstenester (kap. 3935, post 01) var kr 5 597 622. Dei låg dermed noko over inntektsløyvinga på kr 4 986 000.

Inntektene som gjaldt Nordisk Patentinstitut (kap. 3935, post 02), var på kr 3 653 712, altså noko lågare enn inntektsløyvinga på kr 3 990 000. Vi viser elles til eiga rapportering om NPI i del 3.

Refusjon av fødsels- og sjukepengar og refusjon av arbeidsmarknadstiltak utgjorde kr 5 705 605.

Ubrukte midlar i 2016 utgjer kr 1 736 136.

Patentstyret har i eige brev til NFD og i note B i årsrekneskapsrapporteringa i årsrapporten for 2016 søkt om å få overført ubrukne midlar på kr 1 736 136 til ny budsjettermin 2017 på kapittel 0935, post 01.

Eg stadfestar med dette at årsrekneskapen til Patentstyret er levert i samsvar med føresegnene for økonomistyring i staten, rundskriv R-115 frå Finansdepartementet og krav frå NFD. Riksrevisjonen er ekstern revisor og stadfestar årsrekneskapen for Patentstyret. Revisjonsordninga er kostnadsfri. Årsrekneskapen er ikkje ferdig revidert per dags dato. Eg meiner rekneskapen gir eit dekkjande bilete av disponible løyvingar, rekneskapsførte utgifter, eignedelar og gjeld for Patentstyret.

Oslo, 1. mars 2017



Per A. Foss, direktør

Prinsippnote til årsrekneskapen

Årsrekneskapar for statlege verksemder er utarbeidde og leverte etter nærare retningslinjer som er fastsette i føresegnar om økonomistyring i staten («føresegnene»). Årsrekneskapen er utarbeidd i samsvar med krav i punkt 3.4.1 i føresegnene, nærare føresegnar i rundskriv R-115 av november 2016 frå Finansdepartementet og eventuelle tilleggskrav som er fastsette av overordna departement.

Oppstillinga av løyvingsrapporteringa og artskontorrapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i punkt 3.4.2 i føresegnene – dei grunnleggjande prinsippa for årsrekneskapen:

- a) Rekneskapen følgjer kalenderåret.
- b) Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret.
- c) Utgifter og inntekter er førte i rekneskapen med brutto beløp.
- d) Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet.

Oppstillingane av løyvings- og artskontorrapportering er utarbeidde etter dei same prinsippa, men grupperte etter ulike kontoplanar. Prinsippa står i samsvar med krav i punkt 3.5 i føresegnene om korleis verksemdene skal rapportere til statsrekneskapen. Sumlinja «Netto rapportert til løyvingsrekneskapen» er lik i begge oppstillingane.

Verksemda er knytt til den statlege konsern-kontoordninga i Noregs Bank i samsvar med krav i pkt. 3.7.1 i føresegnene. Bruttobudsjetterte verksemder får ikkje tilført likviditet gjennom året, men har ein trekkrett på konsernkontoen sin. Saldoen på kvar enkelt oppgjerskonto blir nullstilt ved overgang til nytt år.

Løyvingsrapporteringa

Oppstillinga av løyvingsrapporteringa omfattar ein øvre del med løyvingsrapporteringa og ein nedre del som viser behaldningar verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen. Løyvingsrapporteringa viser rekneskapstal som verksemda har rapportert til statsrekneskapen. Rekneskapen blir stilt opp etter dei kapitla og postane i løyvingsrekneskapen verksemda har fullmakt til å disponere. Kolonnen samla tildeling viser kva verksemda har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev for kvar statskonto (kapittel/post). Oppstillinga viser i tillegg alle finansielle egedelar og forpliktingar verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen til staten.

Mottekne fullmakter til å belaste kapittel/postar (belastingsfullmakter) som høyrer til ei anna verksemd, kjem ikkje fram i kolonnen for samla tildeling, men er omtalt i note B til løyvingsoppstillinga. Utgiftene som gjeld mottekne belastingsfullmakter, er bokførte og rapporterte til statsrekneskapen, og kjem fram i kolonnen for rekneskap.

Belastingsfullmakter som er gitt, er tekne med i kolonnen for samla tildeling, men blir ikkje bokførte og rapporterte til statsrekneskapen frå verksemda sjølv. Belastingsfullmakter som er gitt, blir bokførte og rapporterte av verksemda som har fått belastingsfullmakta, og kjem derfor ikkje fram i kolonnen for rekneskap. Fullmaktene som er gitt, kjem fram i note B til løyvingsoppstillinga.

Artskontorrapporteringa

Oppstillinga av artskontorrapporteringa har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder, og ein nedre del som viser egedelar og gjeld som inngår i mellomvære med statskassen. Artskontorrapporteringa viser rekneskapstal verksemda har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder. Verksemda har ein trekkrett på konsernkonto i Noregs Bank. Tildelingane er ikkje inntektsførte og kjem derfor ikkje fram som inntekt i oppstillinga.

Løyvingsrapportering

Oppstilling av løyvingsrapportering per 2016.12.31

Utgifts- kapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst	Note	Samla tildeling	Rekneskap 2016	Meirutgift (-) og mindreutgift
0935	Patentstyret	01	Driftsutgifter	A B	248 603 000	247 908 864	694 136
1633	Nettoordning statleg betalt meirverdiavgift	01	Driftsutgifter			9 087 124	
<i>Sum utgiftsført</i>					248 603 000	256 995 988	

Inntekts- kapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst		Samla tildeling	Rekneskap 2016	Meirinntekt og mindreinntekt (-)
3935	Patentstyret	01	Inntekt av informasjonstenester	B	4 986 000	5 597 622	
3935	Patentstyret	02	NPI-inntekter	B	3 990 000	3 653 712	
3935	Patentstyret	03	Gebyr immaterielle rettar	B	75 716 000	78 826 789	
3935	Patentstyret	04	Diverse inntekter	B		1 042 000	1 042 000
3936	Klagegebyr KFIR	01	Gebyr m.m., driftsinntekter	B		571 400	
5574	Sektoravgifter under NFD	71	Avgifter immaterielle rettar	B	154 000 000	158 129 594	
5700	Inntekter til folketrygda	72	Arbeidsgivaravgift			23 590 931	
<i>Sum inntektsført</i>					238 692 000	271 412 049	

Netto rapportert til løyvingsrekneskapen

-14 416 061

Kapitalkontoar

60088601	Noregs Bank KK / innbetalingar					283 920 432	
60088602	Noregs Bank KK / utbetalingar					-268 025 434	
709415	Endring i mellomvære med statskassen					-1 478 937	
<i>Sum rapportert</i>						0	

Behaldningar som er rapporterte til kapitalrekneskapen (31.12.)

Konto	Tekst	2016	2015	Endring
709415	Mellomvære med statskassen	9 755 493	-8 276 555	-1 478 937

Note A: Forklaring av samla tildeling, utgifter

Kapittel og post	Overført frå i fjor	Tildelingar i år	Samla tildeling
093501	8 985 000	239 618 000	248 603 000

Note B: Forklaring til brukte fullmakter og utrekning av mogleg overførbart beløp til neste år

Kapittel og post	Meirutgift(-) /mindre- utgift	Utgiftsført av andre ut frå gitte løyvings- fullmakter(-)	Meirutgift(-) /mindre- utgift etter gitte løyvings- fullmakter(-)	Meirinntekter /mindre- inntekter(-) ut frå meir- inntekts- fullmakt	Omdisponering frå post 01 til 45 eller til post 01/21 frå løyving for neste år	Inn- spar- ingar(-)	Sum grunnlag for over- føring	Maks. overførbart beløp	Mogleg overførbart beløp rekna ut av verk- semda
093501	694 136		694 136	1 042 000			1 736 136	11 980 900	1 736 136

Patentstyret har i brev av 13. februar 2017 søkt om å overføre ubrukte midlar kr 1 736 136 til ny budsjettermin 2017.

Artskontorrapportering

Oppstilling av artskontorrapporteringa 31.12.2016

	Note	2016	2015
Driftsinntekter som er rapportert til løyvingsrekneskapen			
– Innbetalinger frå gebyr	1	79 398 191	73 478 520
– Innbetalinger frå tilskot og overføringar	1	1 042 000	
– Sals- og leigeinnbetalningar	1	167 380 928	159 530 140
<i>Sum innbetalningar frå drift</i>		247 821 119	233 008 660
Driftsutgifter som er rapporterte til løyvingsrekneskapen			
– Utbetalningar til lønn	2	191 298 263	190 355 125
– Andre utbetalningar til drift	3	55 538 720	54 393 655
<i>Sum utbetalningar til drift</i>		246 836 983	244 748 780
Netto rapporterte driftsutgifter		-984 136	11 740 120
Investerings- og finansinntekter som er rapporterte til løyvingsrekneskapen			
– Innbetaling av finansinntekter	4	0	0
<i>Sum investerings- og finansinntekter</i>		0	0
Investerings- og finansutgifter rapporterte til løyvingsrekneskapen			
– Utbetaling til investeringar	5	1 071 882	543 882
– Utbetaling til kjøp av aksjar	5, 8B	0	0
– Utbetaling av finansutgifter	4		318
<i>Sum investerings- og finansutgifter</i>		1 071 882	544 200
Netto rapporterte investerings- og finansutgifter		1 071 882	544 200
– Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten			
– Innbetaling av skattar, avgifter, gebyr m.m.	6	0	0
<i>Sum innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten</i>		0	0
Tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten			
– Utbetalningar av tilskot og stønader	7	0	0
<i>Sum tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten</i>		0	0
Inntekter og utgifter rapporterte på felleskapittel *			
– Gruppelivsforsikring konto 1985 (ref. kap. 5309, inntekt)		0	0
– Arbeidsgivaravgift konto 1986 (ref. kap. 5700, inntekt)		23 590 931	23 410 296
– Nettoføringsordning for meirverdiavgift konto 1987 (ref. kap. 1633, utgift)		9 087 124	8 913 453
<i>Netto rapporterte utgifter på felleskapittel</i>		-14 503 807	-14 496 843
Netto rapportert til løyvingsrekneskapen		-14 416 061	-2 212 523
Oversikt over mellomvære med statskassen **			
– Eigedelar og gjeld		2016	2015
– Fordringar		194 668	375 732
– Skuldig skattetrekk		-8 081 104	-7 137 606
– Skuldige offentlege avgifter		-859 433	-506 859
– Anna gjeld		-1 009 624	-1 007 822
Sum mellomvære med statskassen	8	-9 755 493	-8 276 555

Note 1: Innbetalinger frå drift

	31.12.2016	31.12.2015
Innbetalinger frå gebyr		
– 393503 Gebyr, immaterielle rettar	78 826 791	72 843 520
– 393601 Gebyr med meir – driftsinntekt	571 400	635 000
<i>Sum innbetalinger frå gebyr</i>	79 398 191	73 478 520
Innbetalinger frå tilskot og overføringar		
– 393504 Diverse inntekter	1 042 000	0
<i>Sum innbetalinger frå tilskot og overføringar</i>	1 042 000	0
Sals- og leigeinnbetalinger		
– 393501 Inntekt av informasjonstenester	5 597 622	5 047 112
– 393502 NPI-inntekter	3 653 712	2 618 114
– 557471 Avgifter immaterielle rettar	158 129 594	151 864 914
<i>Sum sals- og leigeinnbetalinger</i>	167 380 928	159 530 140
Andre innbetalinger		
– Renteinntekter	0	0
– Valutagevinst (agio)	0	0
– Anna finansinntekt	0	0
<i>Sum andre innbetalinger</i>	0	0
Sum innbetalinger frå drift	247 821 119	233 008 660

Note 2: Utbetalinger til lønn

	31.12.2016	31.12.2015
Lønn	155 518 060	151 180 131
Arbeidsgivaravgift	23 590 931	23 410 296
Pensjonsutgifter*	15 840 847	19 807 585
Sjukepengar og andre refusjonar (-)	-5 705 605	-5 944 382
Andre ytingar	2 054 030	1 901 495
Sum utbetalinger til lønn	191 298 263	190 355 125
* Denne linja blir nytta av verksemdar som betalar inn pensjonspremie til SPK.	1 042 000	0
Tal årsverk:	241	246

Note 3: Andre utbetalinger til drift

	31.12.2016	31.12.2015
Husleige	15 902 484	15 444 579
Vedlikehold og ombygging av leigde lokale	331 307	230 241
Andre utgifter til drift av eidegom og lokale	5 821 557	5 542 830
Reparasjon og vedlikehold av maskiner, utstyr m.m.	102 783	135 060
Mindre utstyrsinnkjøp	191 358	482 499
Leige av maskiner, inventar og liknande	8 447 571	8 861 098
Kjøp av framande tenester	17 901 026	15 994 981
Reiser og diett	2 104 486	2 118 964
Andre driftsutgifter	4 736 148	5 583 403
Sum andre utbetalinger til drift	55 538 720	54 393 655

Note 4: Finansinntekter og finansutgifter

	31.12.2016	31.12.2015
Innbetaling av finansinntekter		
– Renteinntekter	0	0
– Valutagevinst	0	0
– Anna finansinntekt	0	0
<i>Sum innbetaling av finansinntekter</i>	0	0
Utbetaling av finansutgifter		
– Renteutgifter	0	318
– Valutatap	0	0
– Anna finansutgift	0	0
<i>Sum utbetaling av finansutgifter</i>	0	318

Note 5: Utbetaling til investeringar og kjøp av aksjar

	31.12.2016	31.12.2015
Utbetaling til investeringar		
– Immaterielle egedelar og liknande	55 250	154 788
– Tomter, bygningar og annan fast eigedom		
– Beredskapsinnkjøp		
– Infrastruktureigedelar		
– Maskiner og transportmiddel	794 998	343 944
– Driftslausøyre, inventar, verktøy og liknande	221 634	45 150
<i>Sum utbetaling til investeringar</i>	1 071 882	543 882
Utbetaling til kjøp av aksjar		
– Kapitalinnskot	0	0
– Obligasjonar	0	0
– Investeringar i aksjar og partar	0	0
<i>Sum utbetaling til kjøp av aksjar</i>	0	0

Note 8: Samanheng mellom avrekning med statskassen og mellomvære med statskassen

	31.12.2016	31.12.2016	
	Spesifisering av bokført avrekning med statskassen	Spesifisering av rapportert mellomvære med statskassen	Skilnad
Finansielle anleggsmidlar			
– Investering i aksjar og partar (*)	0	0	0
– Obligasjonar	0	0	0
<i>Sum</i>		0	0
Omløpsmidlar			
– Kundefordringar	6 767 578		6 767 578
– Andre fordringar	194 667	194 668	-1
– Bankinnskot, kontantar og liknande	0		
<i>Sum</i>	6 962 245	194 668	6 767 578
Kortsiktig gjeld			
– Leverandørgjeld	7 023	0	7 023
– Skuldige skattetrekk	-7 568 763	-7 568 763	0
– Skuldige offentlege avgifter	-1 443 947	-1 371 773	-72 174
– Anna kortsiktig gjeld	-1 368 014	-1 009 624	-358 390
<i>Sum</i>	-10 373 701	-9 950 160	-423 541
Langsiktige gjeld			
– Annen langsiktig gjeld	0	0	0
<i>Sum</i>		0	0
Sum	-3 411 456	-9 755 493	6 344 037

* Verksemdar som eig finansielle anleggsmidlar i form av investeringar i aksjar og selskapspartar, fyller også ut note 8 B.

Patentstyret

Besøksadresse:
Sandakerveien 64, Oslo

Postadresse:
Postboks 8160 Dep,
0033 OSLO

Infosenter: 22 38 73 33
E-post: post@patentstyret.no

Følg oss på: [!\[\]\(339a16584d5da0f0a3ca4e9ec17bf6a1_img.jpg\)](#) [!\[\]\(e06a1d39938b2f5d7a2c3618fea4f77f_img.jpg\)](#) [!\[\]\(23ac9e28f2600a1e787d149d7f76716a_img.jpg\)](#)

patentstyret.no